STORD KOMMUNE

kristtornbyen



**Budsjett og økonomiplan 2009-2012**

Målstyringsdokument
Vedteken i kommunestyret
27. 11. 2008

INNHALD

Saksprotokoll frå kommunestyret 27.11.2008
Hovudoversyn
Økonomiplan 2009 - 2012

## Saksprotokoll i Kommunestyret - 27.11.2008

## 60/08 - ÅRSBUDSJETT 2009, ØKONOMIPLAN 2009 - 2012

**Vedtak:**

1. Kommunestyret vedtek årsbudsjettet 2009 og økonomiplan 2009 – 2012 m/ følgjande endringar:

**a) Endringar:**

| Budsjettpost | Mindre inntekt<br>Meirkostnad | Meir Inntekt<br>Mindre kostnad | Total<br>budsjett |
|---|---|---|---|
| SNU | 500 000,00 | | 500 000,00 |
| Parkering (organisering må også vurderes) | 200 000,00 | | 200 000,00 |
| Forventa effektivisering Brann | | (500 000,00) | (500 000,00) |
| Flyplassen innfører parkeringsavgift | | (200 000,00) | (200 000,00) |
| Sette ut drift av idrettsanlegg til idr.lag | | (200 000,00) | (200 000,00) |
| Grøntavd | | (200 000,00) | (200 000,00) |
| Jensanesvegen forskottering | 1 000 000,00 | | 1 000 000,00 |
| RBO sjølvfinansiert | | (2 000 000,00) | (2 000 000,00) |
| Ekstra ord vedlikehald Vikahaugane | 300 000,00 | | 300 000,00 |
| Budsetnadssoga | 100 000,00 | | 100 000,00 |
| Fyrøya | | (50 000,00) | (50 000,00) |
| Tilskot jubileum Comalapa | 30 000,00 | | 30 000,00 |
| Reinhaldskampanje | 100 000,00 | | 100 000,00 |
| **SUM Komite næring,miljø kultur** | | | (920 000,00) |
| Drift av kommunale bygg | | (1 000 000,00) | (1 000 000,00) |
| Salg av eiendommer for 50 mill | | (3 250 000,00) | (3 250 000,00) |
| Stab/lønn/personal/regnskap/skatt/IT/ressursgruppa . | | (1 500 000,00) | (1 500 000,00) |
| Seniorpolitikk | 1 000 000,00 | | 1 000 000,00 |
| Husleigereduksjon ved sal av eigedomar | 1 500 000,00 | | 1 500 000,00 |
| Binde rente på lån 4,5% | | (8 000 000,00) | (8 000 000,00) |
| Auka Skjønsmiddlar | | (670 000,00) | (670 000,00) |
| Lærlingar oppretthaldast | 800 000,00 | | 800 000,00 |
| Kantinedrift settes ut - sjølvkost | | (267 000,00) | (267 000,00) |
| Auka betalingssatsar kommunale husvære estimert til | | (120 000,00) | (120 000,00) |
| Kontrollutval ekstra tiltaksmidlar ut | | (100.000.00) | (100.000.00) |
| **SUM Formannskapet** | | | (11 607 000,00) |
| Demensgruppa Sæverhagen | 800 000,00 | | 800 000,00 |
| Rehab 1 stilling | 500 000,00 | | 500 000,00 |
| Hamna Kontaktsenter | 100 000,00 | | 100 000,00 |
| Sæbø Gard | 1 100 000,00 | | 1 100 000,00 |
| Lavterskeltibod | 300 000,00 | | 300 000,00 |
| Probis | 500 000,00 | | 500 000,00 |

Rett utskrift:

møtesekretær

| | | | |
|---|---|---|---|
| Avlastning / Støttekontakt | 500 000,00 | | 500 000,00 |
| Praktisk Bistand | 200 000,00 | | 200 000,00 |
| **SUM Komite rehab, helse og omsorg** | | | 4 000 000,00 |
| Kulturskule betalingssatsar | 125 000,00 | | 125 000,00 |
| Kulturskulen auka budsjett | 100 000,00 | | 100 000,00 |
| Stord Skulekorps | 50 000,00 | | 50 000,00 |
| VOKT | 400 000,00 | | 400 000,00 |
| PPT / Skule | 900 000,00 | | 900 000,00 |
| Helsestasjon for ungdom | 120 000,00 | | 120 000,00 |
| **SUM Komite oppvekst og Utdanning** | | | 1 695 000,00 |
| **SUMMERING** | 11 345 000,00 | (18 337 000,00) | (6 832 000,00) |
| | | | |
| Momskompensasjon ikkje drift men redusert låneoppt | 6 000 000,00 | | 6 000 000,00 |
| Buffer rentereduksjon innsk/tap aksjer med mer | | | 832 000,00 |
| | | | |

**b)** Kommunestyret ber om at det vert lagt fram sak om vidareføring av overskot og underskot for skulane som vert gjeldande frå og med skuleåret 2009/2010.

**c) Investeringsbudsjett**
Kommunestyret føreset at vedteken plan for Rehabilitering, helse og omsorg 2009 – 2020 vert innarbeidd i investeringsplanen 2009 – 2012.

Det vert lagt inn 100.000 pr år i perioden på konto 2610 som skal nyttast til heisar på Stord sjukeheim, (Bakkertunet).

2. Kommunestyret vedtek følgjande låneopptak for 2009:
   Investering i bygg og anlegg kr 136 558 000 serielån med 30 års avdragstid
   Investering i utstyr, transportmidlar og maskinar kr 9 535 000 med 10 års avdragstid
   Lån til vidareutlån kr 10 000 000 ( startlån ), nedbetalingstid og lånevilkår i samsvar med Husbanken sine retningslinjer.

3. Kommunestyret vedtek å oppretthalde gjeldande trekkrett i DNB Nor med inntil kr 25 000 000. Rådmannen får fullmakt til å nytte denne når det er trong for det.

4. Skatteøyre vert sett lik maksimal skatteøyre som det er høve til i samsvar med Stortinget sitt vedtak.

5. Kommunestyret vedtek avgifter/gebyr med verknad frå 01.01.2009 slik det går fram av vedlagde hefte betalingssatsar sidene 1 til 21 for følgjande avgifter:
   Vassavgift
   Avlaupsavgift
   Slamtømming
   Renovasjonsavgift
   Avfallsavgift
   Avgift for feiing og brannsyn
   Reguleringsgebyr
   Gebyr for delingssøknader
   Oppmålingsgebyr
   Gebyr for byggesak og tekniske installasjonar

6. Unytta løyvingar til investeringsføremål kan overførast til neste år

7. Det er ein føresetnad at investeringar ikkje kan settast i gang før finansieringa er på plass.

Rett utskrift:

møtesekretær

8. Rådmannen skal i samband med budsjettet for 2010 utarbeida eit framlegg til spesifisering av posten auka omstilling/effektivisering i perioden 2010-2012, kr 4,5 mill.

**Handsaming**

**Røysting:**

| | |
|---|---|
| **1** | **Vedteke med 24 mot 11 røyster** |
| **1 a)** | **Vedteke med 18 mot 17 røyster** |
| **1 b)** | **Vedteke med 27 mot 8 røyster** |
| **1 c)** | **Vedteke samrøystes** |
| **pkt 2, 3,4** | **Vedteke samrøystes** |
| **pkt 5** | **Vedteke 18 mot 17 røyster** |
| **pkt 6, 7** | **Vedteke samrøystes** |
| **pkt 8** | **Vedteke med 24 mot 11** |

***********

**H, Krf, V, Sp og Dem kom med framlegg til endringane i punkt 1 a), slik det ligg føre i vedtaket.**

***********

**Ap kom med følgjande framlegg til budsjett 2009, økonomiplan 2009 – 2012:**

| **Komité for oppvekst og utdanning** | |
|---|---|
| Vidareføra vokt-stillingar på dagens nivå | 0,35 |
| Ikkje endre satsane i kulturskulen | 0,3 |
| Dobla helsestasjontilbodet til ungdommar | 0,12 |
| Ikkje endra satsane i SFO | 0,5 |
| Løyva midlar til dirigent i Stord skulekorps | 0,06 |
| Ikkje endra krinsgrenser | 0,5 |
| Sum | 1,83 |

| **Komité for helse og omsorg** | |
|---|---|
| Oppretthalda dagtilbod til demente i Sæverhagen | 0,8 |
| Auka ramme til komitéens disposisjon | 2 |
| Sum | 2,8 |

| **Komité for næring, kultur og miljø** | |
|---|---|
| Løyva midlar til SNU | 0,5 |
| Løyva midlar til Busetnadssoge / lokalhistorisk verk | 0,5 |
| Sikra Jensanesvegen | 1,0 |
| Ekstraløyving til Stord idrettspark | 0,3 |
| Fjerna avgiftsauken for parkering i Leirvik | 0,2 |
| Gratis parkering laurdag (red.still.park.vakt) | |
| Sum | 2,5 |

| **Formannskap** | |
|---|---|
| Sikra lærlingeordninga | 1 |
| Sikra seniortiltak | 1 |
| Sum | 2 |

| **Balansepostar** | |
|---|---|
| Reforhandle renta | 7 |
| Skjønsmidlar | 0,67 |
| Forskottering kraftsalsfond til lokalhist.verk | 0,5 |
| Innsparing frå omorganisering RHO | 0,9 |

Rett utskrift:

møtesekretær

| | |
|---|---|
| Redusera parkeringsvakter tilsvarende kostnader for fri parkering heile laurdagen | |
| Reduksjon formannskap | 0,25 |
| Overføring tilskott frivillige lag og organisasjoner til Stord skulekorps og Stord Idrettspark | 0,36 |
| Sum | 9,68 |
| Endra budsjettmessig balanse | 0, 55 |

**Framlegget fekk 8 røyster**

**Nils Tore Økland, Ap kom med følgjande framleg til vedtak:**

Kommunestyret løyver 250.000 til arbeid med bustadsoga på budsjettet for 2009 – reduserer overskotet.

**Framlegget fall med 18 mot 17 røyster**

**Frp kom med følgjande framlegg til budsjett 2009, økonomiplan 2009 – 2012:**

Endringar i forhold til rådmann sitt forslag

***Reduksjonar i driftsbudsjettet :***

| | **Anslag innsparing** |
|---|---|
| **Ta bort betalte lunsjpauser** | 2.000.000,- |
| - ca. 500 årsverk har ikkje tariffesta betalte matpausar. | |
| - Dette utgjør ca. 26 årsverk. | |
| - Innsparing av 5 stillinger pr. år. | |
| **Reduksjon av Kulturskule tilbodet** | 500 000,- |
| - Effektivisering / reduksjon av drift / auka inntekter. | |
| **Tekniske tenester** | 3.000.000,- |
| - Effektivisering / reduksjon av drift | |
| **Feiing og brannberedskap** | 1.000.000,- |
| - Eininga blir lagt inn under tekniske tenester | |
| **Overføring til SNU** | 1.000.000,- |
| | **7.500.000,-** |

**Konkurranseutsette deler av :**

| | |
|---|---|
| IKT | 1.000.000,- |
| Tekniske tenester | 4.000.000,- |
| Feiing | 0,- |
| Stord Kommunale kino | 500.000,- |
| | **5.500.000,-** |

**Stillingsreduksjonar :**

| | |
|---|---|
| Strategisk leiargruppe | 1.500.000,- |
| Kulturtjenester | 500.000,- |
| | **2.000 000,-** |
| Flytting av kommunale kontorer m.m. til eignebygg | **1.000.000,-** |
| *Totale reduksjonar i driftsbudsjettet* | *16.000.000,-* |

***Styrking av driftsbudsjettet :***

| | |
|---|---|
| Oppvekst og utdanning | 8.000.000,- |
| Lærebøker, - Delingstimar, - Vikartimar, - Vokt ordninga | |
| Rehabilitering, helse og omsorg | 4.000.000,- |

Rett utskrift:

møtesekretær

| | |
|---|---|
| Stord Sportssenter | 300.000,- |
| Tilskot Lag og organisasjonar | 1.000.000,- |
| *Total styrking av driftsbudsjettet* | *13.300.000,-* |

**Inntekt på sal av kommunale eigedommar** **30.000.000,-**

Bygg og eigedommar som må vurderast selt :
- Fyrøya,
- Turnhallen
- Sunnhordlandskaien
- Teknisk Bygg
- Kulturhuset
- Kommunalt eigde bustader

**Framlegget fekk 6 røyster**

**Sv kom med følgjande framlegg til budsjett 2009, økonomiplan 2009 – 2012:**

Inntekter:

| | | |
|---|---|---|
| 2% lågare rente, | | 8 mill kr |
| Sal av tomter/eigedom | | 1 mill kr |
| Eigedomsskatt | | 0 |
| Redusert tilskot Vikahaugane | | 0,3 mill kr |
| Redusert tilskot SNU | | 0,9 mill kr |
| Auka finansinntekter | | 3,0 mill kr |
| Auka overføringar frå staten til skule | | 0,670 mill kr |
| Utmelding av Hordaland olje og gass (HOG) | | 0 |
| Sum | | 13.870 mill kr |
| | | |
| Utgifter | | |
| Næring,miljø, og kultur | | 2,3 mill kr |
| Jensanesveien, tapte renteinntekter | 1 mill kr | |
| Støttelag og organisasjonar | 0,3 mill kr | |
| Lokalhistorisk verk | 1 mill kr | |
| | | |
| Oppvekst og utdanning | | 5 mill kr |
| Voktstillingar | 350.000 kr | |
| Forbyggande helsevern | 500.000 kr | |
| Auke delingstimar og vikartimar | 1,5 mill kr | |
| Stord skulekorps-dirigentstøtte | 60.000 kr | |
| Musikkterapeut | 100.000 kr | |
| Lærlingopptak 2009 | 1 mill kr | |
| Reduserte prisar SFO | 740.000 kr | |
| Seniorordning | 1 mill kr | |
| | | |
| Rehab, pleie og omsorg | | 4 mill kr |
| Dagtilbod Sævarhagen | 800.000 kr | |
| Rehabilitering 1 årsverk | 500.000 kr | |
| Sæbø gård | 1.1 mill kr | |
| Hamna | 100.000 kr | |
| Lavterskeltilbod | 300.000 kr | |
| Avlasting- og støttekontakt | 500.000 kr | |
| Probis | 500.000 kr | |
| Praktisk bistand | 200.000 kr | |

| | |
|---|---|
| Sum | 11300 mill kr |
| Overskot | 2.570 mill kr |

| | |
|---|---|
| Investering: | |
| Barnehage knytt til Litlabø skule | 15 mill kr |
| Boligar funksjonshemma | 10 mill kr |
| Lys i "Langelands-svingen" | 0,5 mill kr |
| Takheisar Stord Sjukeheim | 0,1 mill kr |
| Sum | 25,6 mill kr |

**Framlegget fekk 3 røyst**

**Nils Magne Blålid, Sv kom og med følgjande verbalframlegg:**

Konsekvensutgreiing m.o.t. innføring eigedomsskatt.
**Framlegget fall med 22 mot 13 røyster (**

Gjenopprette Stord energi
**Framlegget fall med 23 mot 12 røyster**

*****************

**OVERSENDINGSFRAMLEGG TIL DEI ULIKE KOMITEANE**

Frp kom med følgjande oversendingsframlegg som vart samrøystes vedteke oversendt:

**Formannskapet:**

Stord Kommune må bruka egne fasilitetar framfor å leiga hos private.
Stord FrP meiner det er svært viktig å ha som grunnregel at mest mogeleg av den kommunale verksemda skal foregå i kommunale bygg, så lenge kommunen har disponibel bygningsmasse.

**Driftsstyret:**

Seniorpolitikk.
Med bakgrunn i ressursmangelen bla innan skulesektoren, ber Stord FrP administrasjonen om å vurdera å oppretthalda dagens seniorpolitikk innanfor dei områda der dette kan ha ein positiv effekt

**Komité for næring, miljø og kultur:**

Frp kom med følgjande oversendingsframlegg som vart samrøystes vedteke oversendt:

Manglande vedlikehald.
Stord kommune har, i fylgje rådmannen, eit stort etterslep på vedlikehald av byggingsmassen. Stord FrP ber om at dette vert sett fokus på. Stord FrP vil ha utarbeidd ein kostnadsanalyse og ein prioritert rapport som viser kva som må til for at kommunen klarer å vedlikehalda byggingsmassen til kommunen på ein tilfredstillande måte.

Sigbjørn Framnes, Frp kom med følgjande oversendingsframlegg som vart samrøystes vedteke oversendt:

Ber koalisjonen ta vekk pkt. om "sette ut drift av idrettsanlegg til idrettslag."
Dette for å ta vare på investerte midlar og helsa til brukarane.

---

Rett utskrift:

møtesekretær

**Komité for rehabilitering, helse og omsorg:**

Nils Magne Blålid, Sv kom med følgjande oversendingsframlegg som vart samrøystes vedteke oversendt:

Kommunestyret ber om at eitt bufellesskap for psykisk utviklingshemma vert vurdert bygt i 2009. Dette på grunnlag av nye statlege tilskot og reduserte driftskostnadar knytt til bufellesskap vert vurdert i forhold til dagens situasjon, som er 5 separate bustader.

Åshild Bjelland Eriksen, H kom med følgjande oversendingsframlegg som vart samrøystes vedteke oversendt:

Kommunestyret vil be om at ein startar med planlegging av nye heildøgns omsorgsbustader, ev i Sagvåg. Kommunestyret vil og be om at ein i tråd med vedteken rehabilitering, helse og omsorgsplan 2009 – 2020, byrjar planlegging av eit eldresenter, ev saman med private investorar.

**OVERSENDINGSFRAMLEGG som ikkje vart vedteken oversendt**

Frp kom med følgjande oversendingsframlegg:

Avgiftsparkering i Stord Kommune.
Stord FrP ynskjer at Stord Kommune avviklar avgiftsparkering i kommunen. Vi meiner dagens ordning fører til meir ulemper enn fordelar for både brukarar og næringsdrivande i Leirvik.
**Framlegget fekk 6 røyster**

Offentlig privat samarbeid for ny skule i Kåreviks området.
Stord FrP ynskjer at Stord Kommune ser på muligheit for bruk av Offentlig Privat Samarbeid for bygging av ny skule i Kåreviks området. Dette for snarast å skaffa nødvendig skulekapasitet for denne krinsen.
**Framlegget fekk 7 røyster**

Rett utskrift:

møtesekretær

# Stord kommune - Økonomiplan drift

Budsjettskjema 1A

| | Rekneskap 2007 | Budsjett 2008 | Budsj. 2008rev | Budsjett 2009 | Budsjett 2010 | Budsjett 2011 | Budsjett 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| *FRIE DISPONIBLE INNTEKTER* | | | | | | | |
| 2 Skatt på inntekt og formue 1) | -323 056 562 | -339 000 000 | -344 500 000 | -372 900 000 | -382 200 000 | -391 800 000 | -401 600 000 |
| 3 Ordinært rammetilskudd 1) | -122 592 535 | -132 400 000 | -132 400 000 | -148 100 000 | -149 500 000 | -147 100 000 | -148 900 000 |
| 4 Skatt på eiendom | - | - | - | - | - | - | - |
| 5 Andre direkte eller indirekte skatter 2) | - | - | - | - | - | - | - |
| 6 Andre generelle statstilskudd 3) | -68 624 985 | -69 100 000 | -82 298 538 | -94 345 000 | -95 345 000 | -96 345 000 | -96 345 000 |
| **7 Sum frie disponible inntekter** | **-514 274 082** | **-540 500 000** | **-559 198 538** | **-615 345 000** | **-627 045 000** | **-635 245 000** | **-646 845 000** |
| *FINANSINNTEKTER/-UTGIFTER* | | | | | | | |
| 9 Renteinntekter og utbytte 4) | -23 603 159 | -18 000 000 | -18 000 000 | -17 868 000 | -18 468 000 | -19 068 000 | -19 668 000 |
| 10 Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter | 28 164 567 | 31 001 000 | 31 001 000 | 28 000 000 | 37 900 000 | 42 650 000 | 46 500 000 |
| 11 Avdrag på lån | 20 000 000 | 22 430 000 | 22 430 000 | 24 450 000 | 28 950 000 | 32 800 000 | 35 595 000 |
| **12 Netto finansinntekter/-utgifter** | **24 561 408** | **35 431 000** | **35 431 000** | **34 582 000** | **48 382 000** | **56 382 000** | **62 427 000** |
| *AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER* | | | | | | | |
| 14 Til dekning av tidligere års regnskapsmessige mei | - | - | - | - | - | - | - |
| 15 Til ubundne avsetninger | 73 066 | 200 000 | 200 000 | - | - | 203 000 | 1 674 000 |
| 16 Til bundne avsetninger 5) | 7 093 788 | 940 654 | 1 740 654 | 510 376 | 510 376 | 510 376 | 510 376 |
| 17 Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindrefor | -1 637 793 | - | - | - | - | - | - |
| 18 Bruk av ubundne avsetninger | -558 050 | -55 000 | -1 217 000 | -100 000 | -570 000 | -100 000 | -100 000 |
| 19 Bruk av bundne avsetninger 5) | -3 654 004 | -2 803 500 | -5 994 217 | -2 603 500 | -1 863 500 | -863 500 | -863 500 |
| **20 Netto avsetninger** | **1 317 007** | **-1 717 846** | **-5 270 563** | **-2 193 124** | **-1 923 124** | **-250 124** | **1 220 876** |
| *FORDELING* | | | | | | | |
| 22 Overført til investeringsbudsjettet | 50 000 | 5 700 000 | 6 550 000 | - | 1 854 000 | 3 098 000 | 4 102 000 |
| **24 Til fordeling drift** | **-488 345 667** | **-501 086 846** | **-522 488 101** | **-582 956 124** | **-578 732 124** | **-576 015 124** | **-579 095 124** |
| **26 Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)** | **496 215 250** | **501 086 852** | **522 488 108** | **576 948 508** | **572 724 508** | **570 007 508** | **573 087 508** |
| **28 Merforbruk/mindreforbruk = 0** | **7 869 583** | **6** | **7** | **-6 007 616** | **-6 007 616** | **-6 007 616** | **-6 007 616** |

# Stord kommune - Økonomiplan drift

**1 Skatt og rammeoverføring**

| *(mill. kr)* | 2008 anslag | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Sum rammetilskudd ekskl. inntektsutjevning** | 109 560 | 140 711 | 142 390 | 139 712 | 141 629 |
| Selskapsskatt | 15 428 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Netto inntektsutjamning | 7 897 | 7 564 | 7 148 | 6 413 | 5 425 |
| **Sum rammetilskudd** | 132 885 | 148 275 | 149 538 | 146 125 | 147 054 |
| Skatt på inntekt og formue ) vårt anslag | 345 591 | 372 892 | 382 215 | 391 770 | 401 564 |
| **Sum frie inntekter** | 478 476 | 521 167 | 531 753 | 537 895 | 548 618 |
| *Endring i dr frie inntektene (%)* | | *5,00 %* | *2,00 %* | *1,80 %* | *1,40 %* |

Det er lagt til grunn ein folketalsvekst på 1,4% perioden.

**3 Andre generelle statstilskot**

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|
| Flyktningetilskot | 11 500 000 | 11 500 000 | 11 500 000 | 11 500 000 |
| Statstilskot flyktningemottak Heiane | 1 000 000 | 1 000 000 | 1 000 000 | 1 000 000 |
| Rentekompensasjon skuleanlegg reform 97 | 1 200 000 | 1 200 000 | 1 200 000 | 1 200 000 |
| Rentekompensasjon skuleanlegg ramme 48 mill | 3 610 000 | 4 600 000 | 5 600 000 | 6 000 000 |
| Rentekompensasjon omsorgsbustader/institusj plasser | 6 315 000 | 6 275 000 | 6 275 000 | 5 875 000 |
| Rentekompensasjon kyrkjebygg | 550 000 | 600 000 | 600 000 | 600 000 |
| Statstilskot private barnehagar | 50 000 000 | 50 000 000 | 50 000 000 | 50 000 000 |
| Statstilskot skjønnsmidlar barnehagar | 19 500 000 | 19 500 000 | 19 500 000 | 19 500 000 |
| Tillegg statstilskot | 670 000 | 670 000 | 670 000 | 670 000 |
| Sum | 94 345 000 | 95 345 000 | 96 345 000 | 96 345 000 |

**4 Finansbudsjettet**

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|
| Berekna utbytte frå SKL | 5 000 000 | 5 000 000 | 5 000 000 | 5 000 000 |
| Avkastning av kapital 150 mill | 6 168 000 | 6 168 000 | 6 168 000 | 6 168 000 |
| Rente av anna bank og andre fordringer | 3 000 000 | 3 000 000 | 3 000 000 | 3 000 000 |
| Renter av kommunale utlån | 3 700 000 | 4 300 000 | 4 900 000 | 5 500 000 |
| **Sum renteinntekter** | 17 868 000 | 18 468 000 | 19 068 000 | 19 668 000 |
| Renteutgifter er berekna utifrå dei faste avtalane . kommunen har. Vidare er det føresett binding av renten utover dei avtalane kommunen har. Flytande renter for 2009 er stipulert til 6,75% i gjennomsnitt.For perioden 2010 -2012 er flytande rente sett til 5,5% | 28 000 000 | 37 900 000 | 42 650 000 | 46 500 000 |
| Avdrag | 24 450 000 | 28 950 000 | 32 800 000 | 35 595 000 |

**5 Avsettinger**

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|
| Avsett til disposisjonsfond | 0 | 0 | 203 000 | 1 674 000 |
| Avsett til bundne fond VA | 510 376 | 510 376 | 510 376 | 510 376 |
| Bruk av bundne fond VA | 1 358 000 | 1 558 000 | 558 000 | 558 000 |
| Bruk bunde fond psykiatri | 440 000 - | - | - | |
| Bruk fond gåver | 5 000 | 5 000 | 5 000 | 5 000 |

## Økonomisk oversikt - drift

| | | Rekneskap 2007 | Budsjett 2008 | Budsj.2008rev | Budsjett 2009 | Budsjett 2010 | Budsjett 2011 | Budsjett 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | ***DRIFTSINNTEKTER*** | | | | | | | |
| LN04 | Brukerbetalinger | -23 878 904 | -23 778 480 | -23 808 480 | -26 639 489 | -26 639 489 | -26 639 489 | -26 639 489 |
| LN05 | Andre salgs- og leieinntekter | -80 980 362 | -84 989 206 | -84 989 206 | -95 894 793 | -101 378 793 | -110 700 793 | -115 069 793 |
| LN06 | Overføringer med krav till motytelse | -113 513 837 | -111 116 459 | -111 116 459 | -113 143 386 | -113 143 386 | -113 143 386 | -113 143 386 |
| LN07 | Rammetilskudd fra staten | -122 592 535 | -132 400 000 | -132 400 000 | -148 100 000 | -149 500 000 | -147 100 000 | -148 900 000 |
| LN08 | Andre statlige tilskudd | -68 624 985 | -69 100 000 | -69 100 000 | -94 345 000 | -95 345 000 | -96 345 000 | -96 345 000 |
| LN09 | Andre overføringer | -378 900 | -439 500 | -439 500 | -419 500 | -419 500 | -419 500 | -419 500 |
| LN10 | Inntekts- og formueskatt | -323 056 562 | -339 000 000 | -339 000 000 | -372 900 000 | -382 200 000 | -391 800 000 | -401 600 000 |
| LN11 | Eiendomsskatt | - | | - | - | - | - | - |
| LN12 | Andre direkte og indirekte skatter | - | | - | - | - | - | - |
| LN13 | **Sum Driftsinntekter** | **-733 026 085** | **-760 823 645** | **-760 853 645** | **-851 442 168** | **-868 626 168** | **-886 148 168** | **-902 117 168** |
| LN14 | | | | | | | | |
| LN15 | ***DRIFTSUTGIFTER*** | | | | | | | |
| LN16 | Lønnsutgifter | 396 647 377 | 405 392 596 | 408 032 596 | 467 465 627 | 462 265 627 | 463 465 627 | 467 465 627 |
| LN17 | Sosiale utgifter | 102 874 449 | 112 687 466 | 113 487 467 | 124 323 221 | 125 311 221 | 126 323 221 | 127 323 221 |
| LN18 | Kjøp av varer og tjenester som inngår i ( | 92 759 067 | 88 357 034 | 90 647 034 | 99 283 905 | 105 935 905 | 111 263 905 | 113 647 905 |
| LN19 | Kjøp av varer og tjenester erstatter eger | 44 607 107 | 47 850 517 | 47 850 517 | 56 574 650 | 56 634 650 | 56 699 650 | 56 764 650 |
| LN20 | Overføringer | 83 011 829 | 71 869 584 | 65 369 584 | 76 087 900 | 74 647 900 | 74 647 900 | 74 647 900 |
| LN21 | Avskrivninger | 29 675 718 | | - | - | - | - | - |
| LN22 | Fordelte utgifter | -4 903 071 | -4 842 500 | -4 842 500 | -10 809 627 | -10 809 627 | -10 809 627 | -10 809 627 |
| LN24 | **Sum Driftsutgifter** | **744 672 476** | **721 314 697** | **720 544 698** | **812 925 676** | **813 985 676** | **821 590 676** | **829 039 676** |
| LN25 | | | | | | | | |
| LN26 | **Driftsresultat** | **11 646 391** | **-39 508 948** | **-40 308 947** | **-38 516 492** | **-54 640 492** | **-64 557 492** | **-73 077 492** |
| LN27 | | | | | | | | |
| LN28 | ***EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONER*** | | | | | | | |
| LN29 | **Finansinntekter** | | | | | | | |
| LN30 | Renteinntekter og utbytte | -23 603 159 | -18 000 000 | -18 000 000 | -17 868 000 | -18 468 000 | -19 068 000 | -19 668 000 |

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| LN31 | Mottatte avdrag på utlån | -185 936 | -124 200 | -124 200 | -100 000 | -100 000 | -100 000 | -100 000 |
| LN32 | **Sum eksterne finansinntekter** | **-23 789 095** | **-18 124 200** | **-18 124 200** | **-17 968 000** | **-18 568 000** | **-19 168 000** | **-19 768 000** |
| LN33 | | | | | | | | |
| LN34 | **Finansutgifter** | | | | | | | |
| LN35 | Renteutgifter og låneomkostninger | 28 164 567 | 31 001 000 | 31 001 000 | 28 000 000 | 37 900 000 | 42 650 000 | 46 500 000 |
| LN36 | Avdrag på lån | 20 000 000 | 22 430 000 | 22 430 000 | 24 450 000 | 28 950 000 | 32 800 000 | 35 595 000 |
| LN37 | Sosial- og næringsutlån | 156 431 | 220 000 | 220 000 | 220 000 | 220 000 | 220 000 | 220 000 |
| LN38 | **Sum eksterne finansutgifter** | **48 320 998** | **53 651 000** | **53 651 000** | **52 670 000** | **67 070 000** | **75 670 000** | **82 315 000** |
| LN39 | | | | | | | | |
| LN40 | **Resultat ekst.finanstransaksjoner** | **24 531 903** | **35 526 800** | **35 526 800** | **34 702 000** | **48 502 000** | **56 502 000** | **62 547 000** |
| LN41 | Motpost avskrivninger | -29 675 718 | - | - | - | - | - | - |
| LN44 | **Netto driftsresultat** | **6 502 576** | **-3 982 148** | **-4 782 147** | **-3 814 492** | **-6 138 492** | **-8 055 492** | **-10 530 492** |
| LN45 | | | | | | | | |
| LN46 | ***INTERNE FINANSTRANSAKSJONER*** | | | | | | | |
| | **Bruk av avsetninger** | | | | | | | |
| LN47 | Bruk av udisponert fra tidligere år | -1 637 793 | - | - | - | - | - | - |
| LN48 | Bruk av disposisjonsfond | -558 050 | -55 000 | -55 000 | -100 000 | -570 000 | -100 000 | -100 000 |
| LN49 | Bruk av bundne fond | -3 654 004 | -2 803 500 | -2 003 500 | -2 603 500 | -1 663 500 | -1 663 500 | -1 663 500 |
| LN50 | Bruk av likviditetsreserve | - | - | - | - | - | - | - |
| LN51 | **Sum bruk av avsetninger** | **-5 849 847** | **-2 858 500** | **-2 058 500** | **-2 703 500** | **-2 233 500** | **-1 763 500** | **-1 763 500** |
| LN52 | | | | | | | | |
| | **Avsetninger** | | | | | | | |
| LN53 | Overført til investeringsbudsjettet | 50 000 | 5 700 000 | 5 700 000 | - | 1 854 000 | 3 098 000 | 4 102 000 |
| LN54 | Avsatt til dekning fra tidligere år | - | - | - | - | - | - | - |
| LN55 | Avsatt til disposisjonsfond | 73 066 | 200 000 | 200 000 | - | - | 203 000 | 1 674 000 |
| LN56 | Avsatt til bundne fond | 7 093 788 | 940 654 | 940 654 | 510 376 | 510 376 | 510 376 | 510 376 |
| LN57 | Avsatt til likviditetsreserven | - | - | - | - | - | - | - |
| LN58 | **Sum avsetninger** | **7 216 854** | **6 840 654** | **6 840 654** | **510 376** | **2 364 376** | **3 811 376** | **6 286 376** |
| **LN59** | **Udisponert (overskudd)** | - | - | - | **-6 007 616** | **-6 007 616** | **-6 007 616** | **-6 007 616** |
| LN60 | Til inndekning senere år (underskudd) | 7 869 583 | 6 | 7 | - | - | - | - |
| LN62 | **Resultat etter int. finanstransaksjone** | - | - | - | - | - | - | - |

# Budsjettskjema 2A

| | Regnskap 2007 | Budsjett 2008 | Budsj. 2008rev | Budsjett 2009 | Budsjett 2010 | Budsjett 2011 | Budsjett 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| *FINANSIERINGSBEHOV* | | | | | | | |
| 2 Investeringer i anleggsmidler | 85 684 969 | 128 795 000 | 132 007 335 | 154 565 000 | 117 580 000 | 91 040 000 | 84 070 000 |
| 3 Utlån og forskutteringer | 12 961 660 | 10 000 000 | 13 200 000 | 10 000 000 | 10 000 000 | 10 000 000 | 10 000 000 |
| 4 Avdrag på lån | 10 491 618 | 10 700 000 | 10 700 000 | 6 700 000 | 2 700 000 | 3 200 000 | 3 600 000 |
| 5 Avsetninger | 24 099 731 | - | - | - | - | - | - |
| **6 Årets finansieringsbehov** | **133 237 978** | **149 495 000** | **155 907 335** | **171 265 000** | **130 280 000** | **104 240 000** | **97 670 000** |
| *FINANSIERING* | | | | | | | |
| 10 Bruk av lånemidler | -65 116 079 | -121 215 000 | -123 515 000 | -156 193 000 | -115 470 000 | -92 790 000 | -81 230 000 |
| 11 Inntekter fra salg av anleggsmidler | -23 610 024 | -4 900 000 | -4 900 000 | -500 000 | - | - | - |
| 12 Tilskudd til investeringer | - | - | - | - | -2 900 000 | -200 000 | -4 400 000 |
| 13 Mottatte avdrag på utlån og refusjoner | -17 902 437 | -7 200 000 | -7 200 000 | -8 500 000 | -2 700 000 | -3 200 000 | -3 600 000 |
| 14 Andre inntekter | - | - | - | - | - | - | - |
| **15 Sum ekstern finansiering** | **-106 628 540** | **-133 315 000** | **-135 615 000** | **-165 193 000** | **-121 070 000** | **-96 190 000** | **-89 230 000** |
| 17 Overført fra driftsbudsjettet | -50 000 | -5 700 000 | -6 550 000 | - | -1 854 000 | -3 098 000 | -4 102 000 |
| 18 Bruk av avsetninger | -26 559 438 | -10 480 000 | -13 742 335 | -6 072 000 | -7 356 000 | -4 952 000 | -4 338 000 |
| 19 Bruk av tidl. års udisp. | - | - | - | - | - | - | - |
| **20 Sum finansiering** | **-133 237 978** | **-149 495 000** | **-155 907 335** | **-171 265 000** | **-130 280 000** | **-104 240 000** | **-97 670 000** |
| **22 Udekket/udisponert = 0** | - | - | - | - | - | - | - |

## Økonomisk oversikt - investering

| | Rekneskap 2007 | Budsjett 2008 | Budsj.2008rev | Budsjett 2009 | Budsjett 2010 | Budsjett 2011 | Budsjett 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| ***Investeringsinntekter*** | | | | | | | |
| LN04 Salg av driftsmidler og fast eiendom | -23 610 024 | -4 900 000 | -4 900 000 | -500 000 | 0 | 0 | 0 |
| LN05 Andre salgsinntekter | - | - | - | 0 | 0 | 0 | 0 |
| LN06 Refusjoner | -9 662 240 | -1 700 000 | -1 700 000 | -4 500 000 | -2 900 000 | -200 000 | -4 400 000 |
| LN07 Statlige overføringer | - | - | - | | | | |
| LN08 Andre overføringer | - | - | - | 0 | 0 | 0 | 0 |
| LN09 Renteinntekter og utbytte | - | - | - | 0 | 0 | 0 | 0 |
| LN10 **Sum Inntekter** | **-33 272 264** | **-6 600 000** | **-6 600 000** | **-5 000 000** | **-2 900 000** | **-200 000** | **-4 400 000** |
| LN12 ***Investeringsutgifter*** | | | | | | | |
| LN13 Lønnsutgifter | 756 043 | - | - | 0 | 0 | 0 | 0 |
| LN14 Sosiale utgifter | 223 250 | - | - | 0 | 0 | 0 | 0 |
| LN15 Varer og tjenester i komm. egenprod | 67 882 100 | 125 495 000 | 128 587 335 | 145 753 000 | 117 580 000 | 91 040 000 | 84 070 000 |
| LN16 Kjøp av tjenester som erstatter egenprod | - | - | - | 0 | 0 | 0 | 0 |
| LN17 Overføringer | 13 339 659 | 2 000 000 | 2 000 000 | 8 812 000 | 0 | 0 | 0 |
| LN18 Renteutgifter og omkostninger | 626 073 | 2 900 000 | 2 900 000 | 2 700 000 | 0 | 0 | 0 |
| LN19 Fordelte utgifter | - | - | - | 0 | 0 | 0 | 0 |
| LN20 **Sum Utgifter** | **82 827 125** | **130 395 000** | **133 487 335** | **157 265 000** | **117 580 000** | **91 040 000** | **84 070 000** |
| LN22 ***Finansutgifter*** | | | | | | | |
| LN23 Avdrag på lån | 9 865 545 | 7 800 000 | 7 800 000 | 4 000 000 | 2 700 000 | 3 200 000 | 3 600 000 |
| LN24 Utlån og aksjekjøp | 12 961 660 | 10 000 000 | 13 200 000 | 10 000 000 | 10 000 000 | 10 000 000 | 10 000 000 |
| Kjøp av aksjer og andeler | 3 483 916 | 1 300 000 | 1 420 000 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Dekn.tidl.års udekka | - | - | - | 0 | 0 | 0 | 0 |
| LN25 Avsatt til ubundne investeringsfond | 23 955 455 | - | - | 0 | 0 | 0 | 0 |
| LN26 Avsatt til bundne fond | 144 276 | - | - | 0 | 0 | 0 | 0 |
| LN27 Avsatt til likviditetsreserven | - | - | - | 0 | 0 | 0 | 0 |
| LN28 **Sum finanstransaksjoner** | **50 410 852** | **19 100 000** | **22 420 000** | **14 000 000** | **12 700 000** | **13 200 000** | **13 600 000** |
| LN30 **Finansieringsbehov** | **99 965 713** | **142 895 000** | **149 307 335** | **166 265 000** | **127 380 000** | **104 040 000** | **93 270 000** |
| LN32 ***Finansiering*** | | | | | | | |
| LN33 Overført fra driftsregnskapet | -50 000 | -5 700 000 | -6 550 000 | 0 | -1 854 000 | -3 098 000 | -4 102 000 |
| LN34 Bruk av lån | -65 116 079 | -121 215 000 | -123 515 000 | -156 193 000 | -115 470 000 | -92 790 000 | -81 230 000 |
| LN35 Mottatte avdrag på utlån | -8 240 196 | -5 500 000 | -5 500 000 | -4 000 000 | -2 700 000 | -3 200 000 | -3 600 000 |
| Sal av aksjer og andeler | - | | | | | | |
| LN36 Bruk av disposisjonsfond | - | - | -1 020 000 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| LN37 Bruk av ubundne investeringsfond | -23 279 228 | -9 480 000 | -11 722 335 | -6 072 000 | -7 356 000 | -4 952 000 | -4 338 000 |
| LN38 Bruk av bundne fond | -3 280 210 | -1 000 000 | -1 000 000 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| LN39 Bruk av Likviditetsreserve | - | - | - | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av tidl. års udisp. | - | - | - | 0 | 0 | 0 | 0 |
| LN40 **Sum finansiering** | **-99 965 713** | **-142 895 000** | **-149 307 335** | **-166 265 000** | **-127 380 000** | **-104 040 000** | **-93 270 000** |
| Udekket / udisponert | - | - | - | 0 | 0 | 0 | 0 |



**Økonomiplan**
**2009-2012**

# Innhald

**1 Innleiing og samandrag** ... 3
1.1 Budsjett og økonomiplan 2008-2011 ... 4
1.2 Framlegg til statsbudsjett for 2009 ... 4
1.3 Rekneskapen 2007, utviklinga i 2008 ... 5
1.4 Tiltak for å få budsjett og økonomiplan i balanse ... 6
1.5 Budsjettprosessen ... 7

**2 Målstyring og kvalitetssikring** ... 7
2.1 Kommuneplan 2004-2015 - Saman om utvikling og velferd ... 7
2.2 Mål for økonomiplanperioden 2009-2012 ... 8
2.3 Mål for budsjettåret 2009 ... 10

**3 Rammeføresetnader** ... 11
3.1 Folketalsutvikling ... 11
3.2 Økonomiske føresetnader ... 12
*3.2.1 Frie inntekter ... 12*
*3.2.2 Øyremerka statstilskot ... 14*
*3.2.3 Driftsrammer i økonomiplanperioden ... 15*

**4 Driftsbudsjettet** ... 16
4.1 Formannskapet ... 16
*4.1.1 Politisk ... 16*
*4.1.2 Administrasjon, fellesutgifter, IKT ... 16*
*4.1.3 Kyrkja ... 16*
4.2 Driftsstyret ... 17
*4.2.1 Personal, HMT ... 17*
4.3 Komité for oppvekst og utdanning ... 18
*4.3.1 Grunnskule ... 18*
*4.3.2 Skulefritidsordninga (SFO) ... 19*
*4.3.3 Kulturskule ... 19*
*4.3.4 Barnehagar ... 19*
*4.3.5 Førebyggjande tenester, barnevern ... 20*
4.4 Komite for næring, miljø og kultur ... 21
*4.4.1 Kultur og idrett ... 21*
*4.4.2 Næring ... 21*
*4.4.3 Tekniske tenester ... 22*
4.5 Komite for rehabilitering, helse og omsorg ... 23
*4.5.1 Sosialtenester ... 23*
*4.5.2 Pleie, rehabilitering og omsorg ... 24*
*4.5.3 Rehabilitering ... 26*
4.6 Finans, avgifter og betalingssatsar ... 27
*4.6.1 Gebyr og betalingssatsar ... 27*
*4.6.2 Finansinntekter og utgifter ... 27*

**5 Investeringar** ... 29
5.1 Administrasjon og fellesfunksjonar ... 30
5.2 Bustad/næring/utbygging/sentrumsutvikling ... 30
5.3 Skular og barnehagar ... 30
5.4 Helse, rehabilitering , pleie og sosial ... 31
5.5 Kyrkja ... 31
5.6 Kultur, idrett og grøntanlegg ... 32
5.7 Tekniske tenester ... 32
5.8 Finansiering ... 33

# 1 Innleiing og samandrag

Framlegg til budsjett og økonomiplan 2009-2012 byggjer på økonomiplan 2008-2011 og seinare vedtak, rekneskapen for 2007 og den økonomiske utviklinga i 2008, og regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2009. I tillegg er det gjennomført to budsjettkonferansar med formannskapet.

Det er stor aktivitet i næringslivet på øya, noko ein meiner gjev grunnlag for å auka skatteanslaget ut over det statsbudsjettet legg opp til. Denne aktiviteten medfører og forventningar og krav til kommunen.

Det er ei utfordring å liggja i forkant på plansida, og budsjettet legg opp til å prioritera kommuneplanarbeid i 2009. Stord kommune har også eit ekspansivt investeringsbudsjett i 2009. Dette skuldast først og fremst bygging av ny Nordbygda ungdomsskule, som skal stå ferdig til årsskiftet 2009-10.

Stord kommune sin økonomiske situasjon må likevel karakteriserast som vanskeleg. Det er ikkje samsvar mellom dei økonomiske rammer og utgiftsnivået. Utviklinga i 2008 har forsterka dette, og i skrivande stund ser Stord kommune ut til å styra mot eit negativt årsresultat i storleik 5 mill kr.

Dette skuldast først og fremst at budsjettet ikkje har hatt rammer for å handtera årets lønsoppgjer, og auka omfang av tenesteytinga innanfor pleie og omsorg. Den pågåande 'finanskrisa' ser i tillegg ut til å påføra kommunen eit tap på aksjar og verdipapir.

Framlegg til budsjett og økonomiplan 2009-2012 legg opp til i all hovudsak å vidareføra dagens driftsnivå i Stord kommune. For å balansera 2009-budsjettet var det likevel naudsynt å gjennomføra nedskjeringar og andre tiltak på rundt 30 mill kr. Så langt ein har funne rom for det har ein følgt opp innretninga frå kommunestyret sitt økonomiplanvedtak i 2008, som hadde lagt inn ei styrking av grunnskulebudsjettet og ei kultursatsing med tilskot til frivillige lag og organisasjonar.

I budsjettgrunnlaget var det og, på bakgrunn av utviklinga dei siste åra, lagt inn ei styrking av pleie- og omsorgsbudsjettet. Ein kom likevel ikkje utanom nedskjeringar også innanfor desse sektorane. Ein vurderer det likevel som ei utfordring å faktisk få gjennomført reduksjonane innanfor pleie og omsorg, og arbeidet med å førebu dette nedtaket må ta til alt i 2008.

Det er i driftsbudsjettet ikkje funne rom for å styrka vedlikehaldet av kommunale bygg. Det er heller ikkje budsjettert med overskot til finansiering av investeringar. Bergen Capital Management meiner i sin rapport om selskapsorganisering at det er behov for å styrka bygningsvedlikehaldet i kommunen med 10-12 mill kr per år, og ein resultatmargin på 2% av Stord-budsjettet utgjer om lag 17 mill kr.

Dersom ein i budsjettet skulle teke høgde for eit anstendig vedlikehald av kommunale bygg og eit økonomisk 'sunt' driftsresultat ville dette i alle fall på kort sikt ha medført ein vanskeleg handterleg situasjon, med reduksjonar i tenestetilbodet som nok i stor grad ville blitt vurdert som uakseptable av innbyggjarane i kommunen.

For å balansera økonomiplanen har ein utanom Nordbygda ungdomsskule lagt opp til eit varsamt investeringsnivå. Auka utgifter til renter og avdrag og det at moms-kompensasjon for investeringar skal fasast ut som finansieringsgrunnlag for driftsbudsjettet, gjev ein underbalansen seinare i økonomiplanperioden.

Det er difor behov for ytterlegare nedtak av utgifter frå 2010 og utover. Perioden 2010-2012 er balansert med ytterlegare omstillings- og effektiviseringstiltak tilsvarande 4,5 mill kr. Det er føreset at rådmannen i samband med budsjettet for 2010 vil koma med framlegg om spesifisering av desse tiltaka.

## 1.1 Budsjett og økonomiplan 2008-2011

Stord kommunestyre vedtok i desember 2007 budsjett og økonomiplan for perioden 2008-2011 med m.a. følgjande føresetnader:

| Driftsbudsjett (1000 kr) | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 |
|---|---|---|---|---|
| Auka ramme Komite for oppvekst og utdanning | -5 250 | -5 250 | -5 250 | -5 250 |
| Auka tilskot frivillige lag og organisasjonar | -750 | -750 | -750 | -750 |
| Momskompensasjon | 2 500 | 0 | 0 | 0 |
| Til inndeking seinare år/redusert overskot | 0 | 2 500 | 2 500 | 2 500 |
| Auka krav omstilling/effektivisering | 8 300 | 8 300 | 8 300 | 8 300 |

Den auka ramma til komiteen for oppvekst og utdanning er øyremerka til lærarressursar i tråd med styringsdokumentet for oppvekst. Tilskotet til lag og organisasjonar skal nyttast i samsvar med retningsliner som vert trekt opp i ei frivilligheitsmelding for Stord kommune.

Auka krav til omstilling/effektivisering skulle gjelda heile organisasjonen, likevel ikkje slik at det medfører reduserte ressursar til brukarar innanfor rehabilitering, helse og omsorg. Formannskapet er gjennom året informert om dei nedtrekka som er gjennomført.

## 1.2 Framlegg til statsbudsjett for 2009

- Regjeringa legg opp til ein samla realvekst i inntektene til kommunesektoren på 8,4 milliardar kroner i 2009. Av dette er 4,7 milliardar kroner frie inntekter. Kommunane får dermed meir pengar i 2009 enn varsla i kommuneproposisjonen i mai. (pressemelding frå kommunal- og regionalministeren).

Stord kommune har ikkje konsesjonsavgifter eller andre inntekter frå kraftproduksjon, og kommunen har ikkje innført eigedomsskatt. Kommuneøkonomien er såleis i all hovudsak avhengig av utviklinga i dei frie inntekter over statsbudsjettet.

Statsbudsjettet gjev Stord kommune ein vekst på 6,2% i høve til inntektsnivået i 2008. Utviklinga på kostnadssida er likevel sterkare, og regjeringa stadfestar i statsbudsjettet at inntektsutviklinga i 2008 også var svakare enn kostnadsauken.

Det er lagt opp til eit nytt inntektssystem frå 2009 der hovudelementa er:

- Inntektsutjamninga skal gradvis trappast opp frå 55 til 60%
- Kommunal selskapsskatt ikkje vidareført i 2009
- Skatteøyre justert frå 12,05 til 12,80% i 2009
- Psykiatritilskot innlemma i ramma f.o.m. 2009

Statsbudsjettet legg opp ein skattevekst på 7,9% frå 2008 til 2009. Regjeringa seier vidare at veksten i budsjettet skal gje kommunane rom for å dekka:

- Meirutgifter som følgje av demografisk utvikling
- Kostnader knytt til Omsorgsplan 2015
- Gjennomføring av siste del av NAV-reforma
- Auke i timetalet i grunnskulen med 5 veketimar à 60 min
- Reell auke i satsane for økonomisk sosialhjelp
- Styrka opplæring i norsk og matematikk
- To timar fysisk aktivitet per veke på barnesteget f.o.m. skuleåret 2009/2010

Regjeringa føreslår at det vert innført ein rentekompensasjon for investering i skulebygg og symjebasseng. Budsjettet legg vidare opp til ein auke i bustøtta. 30% av auken på 300 mill er finansiert av kommunane gjennom trekk i ramma då tiltaket er venta å gje reduserte utbetalingar av sosialhjelp.

## 1.3 Rekneskapen 2007, utviklinga i 2008

Eit positivt netto driftsresultat for 2006 på 22.5 mill kr vart endra til eit negativt resultat på 6.5 mill for 2007. Til tross for ekstra inntekter i form av skatt og rammetilskot er prognosen at Stord kommune også i 2008 styrer mot eit underskot på i overkant av 5 mill kr.

Forklaringa er i all hovudsak auka utgifter til tenesteyting innanfor pleie og omsorg, knappe lønsreservar, reduserte kapitalinntekter og auka renteutgifter.

Medan ressursgrunnlaget for grunnskulen i Stord etter kvart er kome meir i samsvar med landsgjennomsnittet, har ein for pleie- og omsorgstenestene nytta vesentleg meir ressursar enn kommunar me vert samanlikna med.

Det er uråd å seia noko sikkert om den vidare utviklinga på finansmarknaden, men den seinare utviklinga tilseier at forventa kapitalinntekter/avkasting kan vera eit svakt punkt i budsjettet.

## 1.4 Tiltak for å få budsjett og økonomiplan i balanse

For å balansera budsjett og økonomiplan ligg det inne ei rad framlegg til nedskjeringar, auka inntektspostar, justerte prognosar og andre tiltak. Tiltaka er spesifisert i tabellen under:

| Tiltak for å balansera budsjett og økonomiplan 2009-2012 (1000 kr) | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | **2 009** | **2 010** | **2 011** | **2 012** |
| **Nedskjeringar/reduserte utgifter:** | | | | |
| Leiarfunksjonar | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| Stab-/støtte, effektivisering administrasjon | 1 500 | 1 500 | 1 500 | 1 500 |
| Tekniske tenester | 700 | 700 | 700 | 700 |
| Bibliotek, 40% stilling | 150 | 150 | 150 | 150 |
| Tilskot Fyrlykto | 200 | 200 | 200 | 200 |
| Næringsstønad (SNU) | 500 | 500 | 500 | 500 |
| Reduserte rammer pleie og omsorg | 4 000 | 4 000 | 4 000 | 4 000 |
| Avvikling dagtilbod Sævarhagen | 800 | 800 | 800 | 800 |
| Rehabilitering, 1 årsverk | 500 | 500 | 500 | 500 |
| Vokt stillingar, reduksjon | 350 | 350 | 350 | 350 |
| Førebyggjande helsevern/PPT | 450 | 450 | 450 | 450 |
| Skule, forventa effekt kommunal forskrift skulestad | 500 | 1 200 | 1 200 | 1 200 |
| Skulen, nedtrekk | 900 | 900 | 900 | 900 |
| Frukt og grønt, ungdomsskulen | 150 | 150 | 150 | 150 |
| Arbeidsgjevaravgift på refunderte sjukepengar | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| Sparte renteutgifter, reduserte investeringar | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| Generelle kutt innkjøpspostar | 2 400 | 2 400 | 2 400 | 2 400 |
| Ikkje inntak lærlingar 2009 | 1 000 | 500 | 0 | 0 |
| Suspendera seniorpolitikk | 1 000 | 0 | 0 | 0 |
| **Auka inntekter:** | | | | |
| Kulturskule, auka betalingssatsar | 250 | 250 | 250 | 250 |
| SFO, auka betalingssatsar | 500 | 500 | 500 | 500 |
| RBO, auka gebyrsatsar | 500 | 500 | 500 | 500 |
| Tryggleiksalarm, innføring av sjølvkostprinsipp | 100 | 100 | 100 | 100 |
| Auka parkeringsavgift frå 7 til 10 kr/time | 200 | 200 | 200 | 200 |
| **Endra prognosar:** | | | | |
| Integreringstilskot, auka satsar statstilskot | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| Skatt og rammetilskot, prognose | 2 000 | 2 800 | 3 500 | 4 400 |
| Nedjusterte lønsavsettingar | 1 600 | 1 600 | 1 600 | 1 600 |
| **Andre tiltak:** | | | | |
| Skulesatsinga, rentekompensasjon skulebygg | 500 | 1 500 | 2 500 | 2 500 |
| Momskompensasjon investering | 6 000 | 7 400 | 4 600 | 2 700 |
| Auka omstilling/effektivisering | 0 | 4500 | 4500 | 4500 |
| **Sum tiltak** | **30 750** | **37 650** | **36 050** | **35 050** |

Budsjettet for 2009 er balansert gjennom desse tiltaka, som er nærare gjort greie for i kapittel 4. For å balansera økonomiplanen åra 2010-2012 er det lagt inn uspesifiserte omstillings- og effektiviseringstiltak med 4,5 mill kr per år. Det er føresett at rådmannen vil koma med framlegg om spesifisering av desse tiltaka i samband med framlegging av budsjett for 2010.

## 1.5 Budsjettprosessen

Prosessen for handsaming av budsjett og økonomiplan i 2009 er lagt opp i samsvar med kommunestyret sitt vedtak:

- Prosessmøte i formannskapet 27. mai
- Dialogmøte i komiteane primo juni
- Prosessmøte i formannskapet 3. september
- Orienteringsmøte for tillitsvalde om rådmannen sitt budsjettframlegg 9. oktober
- Rådmannen legg fram sitt budsjettframlegg 15. oktober
- Formannskapet sender rådmannen sitt budsjettframlegg på høyring same dag
- Budsjettet vert handsama i komiteane i oktober/november
- Formannskapet handsamar budsjettet og avgjer si innstilling i møte 10.-12. november
- Formannskapet si innstilling vert lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med bestemmelsane i kommunelova
- Kommunestyret gjer sitt budsjettvedtak 27. november
- Komiteane fordeler sine budsjett 2.-4. desember

Ein legg opp til at opplegget for budsjettprosessen vert vurdert i god tid før arbeidet med 2010-budsjettet tek til.

# 2 Målstyring og kvalitetssikring

Dette kapitelet omhandlar kommunen sine mål, strategiar, satsingsområde i økonomiplanperioden.

## 2.1 Kommuneplan 2004-2015 - Saman om utvikling og velferd

Kommunestyret har i 2006 vedteke kommuneplan fram til 2015 med desse satsingsområda:

- **Byutvikling**
  Stord kommune skal vidareutviklast som regionsenter og kommunikasjons-knutepunkt. Ein skal fokusera på lokale senterfunksjonar og intern rolledeling mellom Leirvik, Heiane og Sagvåg.

- **Estetikk, miljø og trivsel**
  Stord kommune er eit inkluderande samfunn der mangfald, kunnskap og trivsel skaper optimisme og utvikling. Kommunen legg vekt på estetikk, miljø og kultur som grunnlag for ei slik utvikling.

- **Næring og sysselsetting**
  Stord kommune skal vera ein leiande kommune i å tilby stabile og forutsigbare rammer for næringslivet. Ha god infrastruktur som styrkjer kommunen som regionsenter og ha gode tilbod innan tenester, utdanning, aktivitet og oppleving.

- **Oppvekst**
  Barn og unge i Stord får utvikla talenta sine, opplever meistring i kvardagen og styrkjer fagleg, mellommenneskeleg og kulturell kompetanse. Førebyggjande og helsefremjande tiltak for barn og unge vert vektlagt.

- **Areal**
  Arealdelen til kommuneplanen skal vera den viktigaste styringsreiskapen for å avklara og sikra arealbruken og forvaltninga av naturressursane i samsvar med kommuneplanen sine mål for utvikling av Stordsamfunnet

## 2.2 Mål for økonomiplanperioden 2009-2012

Saker rådmannen vil følgja opp i økonomiplanperioden:

- Revisjon av kommuneplanen i samsvar med kommuneplanmelding
- Vidareutvikla system og rutinar for kvalitet og økonomistyring
- Oppfølging og revisjon av IKT strategiplan
- Oppfølging av skulebruksplan, evaluering styringsdokument oppvekst
- Oppfølging av risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS), rullering av beredskapsplanar
- Oppfølging og gjennomføring av kommunen sin klima- og energiplan
- Universell utforming som grunnlag for all planlegging og utbygging
- Arbeidsgjevarpolitikk (rekruttering, sjukefråvære og arbeidstidsproblematikk, kompetanse, leiarutvikling)
- Effektiv samordning av tenester og dialog med brukarane
- Vidareutvikla og styrka samarbeid med nabokommunar, næringsliv og frivillig sektor
- Arbeida for å styrka Stord sine regionsenterfunksjonar og Leirvik som sentrum

**Målekart**
Målekartet viser systemet for resultatmåling av den kommunale verksemda (balansert målstyring) og fastset resultatmål og måltal innanfor områda:

- brukarar
- økonomi
- medarbeidar
- organisasjonsutvikling

Dette overordna målekartet set resultatmål for kommunen samla og er felles for alle einingane. Måla som følgjer av målekartet skal omtalast i einingane sine handlingsplanar, og tiltaka skal vera utviklingstiltak. Der måla alt er nådd, kan einingane stå fritt i å innføra nye tiltak.

**Brukarar**

| Må lukkast med | Teikn på om me har lukkast | Målemetodar | Resultat brukarundersøkingar | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | Resultat siste under-søking | Ynskt | Nedre |
| Relevant og tilpassa informasjon | 1.Stord kommune har oppdatert heimeside som gir 5 *(stjerne) i Noreg.no sine målingar | Noreg.no | 4 * | 5 * | 4 * |
| | | Forbrukarrådet.no | 65 | 80 | 75 |
| | 2. Gir god service på nett, telefon, e-post, 3. Brukarar av tenester er nøgde med informasjonen | Brukarundersøking | 4.8 | 4,5 | 4.0 |
| Godt samarbeid og brukarmedverknad | Nøgde brukarar | Brukarundersøking | 4.6 | 5 | 4.5 |
| Ha god kvalitet på tenestene | 1. Brukarane er generelt nøgde med kvaliteten på tenestene. | Brukarundersøking | 4.7 | 4.5 | 4.0 |

**Økonomi**

| Må lukkast med | Teikn på om me har lukkast | Målemetodar | Resultat | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | Resultat 2007 | Ynskt | Nedre |
| God økonomistyring | Samsvar mellom budsjett og rekneskap | Avviksrapport | - 0.8 | 0% eller betre | |

I 2007 hadde kommunen eit negativt netto driftsresultat på -0,8 %. Inntektene til kommunen er slik at god økonomistyring framleis må vera eit absolutt krav.

**Medarbeidarar**

| Må lukkast med | Teikn på om me har lukkast | Målemetodar | Resultat | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | Resultat 2007 | Ynskt | Nedre |
| Eit ivaretakande og godt arbeidsmiljø | Tilfredse medarbeidarar | Medarbeidar-undersøking | 4.7 | 4.7 | 4.0 |
| | Redusert sjukefråvær | Sjukefråværs-rapport | 8,7 % | 7,5 % | 7,9 % |
| Fagleg og personleg utvikling | Medarbeidarane får nødvendig og relevant kompetanseutvikling | Medarbeidar-undersøking | 4.0 | 4.0 | 3.5 |
| | Samsvar mellom kompetanse og oppgåver | Medarbeidar-Undersøking | 4.8 | 4.8 | 4.5 |
| Leiarar som viser respekt, syter for medverknad og gir tilbakemelding. | Medarbeidarane er nøgde med næraste leiar | Medarbeidar-undersøking | 4.6 | 4.6 | 4.4 |

Ny medarbeidarundersøking vert gjennomført annankvart år, neste gong 2009. Det er og eit mål å redusera sjukefråværet. Kvalitetskommuneprosjektet er gjort greie for under avsnitt 4.2

Trivsel og kvalitet forsterkar kvarandre. I ei tid med konkurranse om arbeidskrafta, er utvikling og arbeidsmiljø verkemiddel for rekruttering.

**Organisasjon**

| Må lukkast med | Teikn på om me har lukkast | Målemetodar | Resultat | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | Resultat 2007 | Ynskt | Nedre |
| Leiarar som legg til rette for utvikling | Oppleving av fagleg og personleg utvikling | Medarbeidar-undersøking | 4.1 | 4.0 | 3.5 |
| Det er høg grad av samarbeid og samordning i tenestene | Brukarane opplever eit samordna tenestetilbod | Brukarundersøk-ing | 4.3 | 4.0 | 3.3 |

**Samfunnsutvikling (oppfølging av kommuneplan)**
Sentralt i samfunnsutviklinga står arealforvaltninga med tilrettelegging av tilstrekkeleg areal til ulike føremål som bustad, næring, offentlege bygg og anlegg, leik, idrett og sikring av areal til landbruk, friluftsliv og naturområde m. m.

Kommuneplanen skal i utgangspunktet reviderast i kvar valbolk. Revideringsarbeidet startar våren 2009. Men allereie i haust vil det bli framlagt ei melding med hovudvekt på prosess og ei førebels vurdering av planoppgåver/innspel som er komne inn i den seinare tida.

## 2.3 Mål for budsjettåret 2009

Rådmannen har følgjande mål for gjennomføring av tiltak i 2009 som ikkje ligg i felles målekart, men som vil koma inn i målekart for grupper einingar eller enkelteiningar i samband med komitéhandsaminga av budsjett 2009.

- Kommuneplanlegging. Plannivå skal avklarast gjennom kommuneplanmeldinga som vert fremja hausten 2008.
- Leiaravtalane skal vera gjennomgått med alle einingsleiarane
- Alle skular, elevar og alle lærarar nyttar digital læringsplattform (class fronter) i arbeidet sitt. Ordninga skal evaluerast i løpet av 2009.
- Kommunen vil i løpet av 2009 ta i bruk ny plattform for nettsidene. Det er ei målsetjing å få fleire nettbaserte tenester.
- Ta initiativ til forhandlingar med organisasjonane med sikte på å få til ei lokal forsøksordning med ubetalte matpausar.
- Kommunen vil i løpet av 2009 vurdera abonnement på nasjonal tenestekatalog
- Alle aktuelle einingar arbeider med tilpassing og samanheng innanfor oppvekst med fokus på språkutvikling/lesedugleik, fysisk aktivitet og helse, vurdering og kvalitetssikring, sosial meistring, samordna hjelp til barn i skulepliktig alder, og samarbeid med føresette er del av tiltaka.
- Vidareføra prosjektet *Vegen vidare*, om tilpassing av drifta av pleie, rehabilitering og omsorg (pro) til rammene
- Vidareføra prosjekt innanfor skulesektoren med siktemål å snu ressursbruk frå spesialundervisning til tilpassa opplæring
- Vidareføra prosjekt lesing med sikte på å styrka elevane sin kompetanse innanfor denne grunnleggjande dugleiken

Følgjande prosjekt/utgreiingar skal følgjast opp:

- Kvalitetslosen, avviksmodul og Balansert målstyring
- Eigen/regional pensjonskasse, utgreiing
- Kommunale eigedomsselskap, oppfølging av vedtak
- Selskap for vatn og avløp, oppfølging av vedtak
- Revidera politivedtektene
- Prosjekt rekruttering medarbeidarar til sentrale tenester i kommunen
- Plan for idrett og friluftsliv, evaluering
- Delta i det regionale reiselivssamarbeidet i regi av regionrådet
- Følgja opp forvaltningsrapportar for IKT, barnevern og skule
- Avklara spørsmål knytt til dei kommunale tilboda i post- og telebygget, vurdera alternative løysingar/arealbruk knytt til kulturhuset, kulturhagen og Stord ungdomsskule, jf. vedtak i formannskapet 14.5.2008

# 3 Rammeføresetnader

## 3.1 Folketalsutvikling

Ein viktig føresetnad for økonomiplanen er folketalsutviklinga i kommunen og samansetjinga av denne. Folketalet pr 01.07 2008 var på 17200.

**Prognose for folketalsutvikling dei neste åra**
Det som har særmerka folketalsutviklinga i kommunen er :

- Fødselstala betyr mest for folkeauken, men er synkande
- Talet på døde er relativt lågt, men vil auka framover
- Fødselsoverskotet vil bli redusert i åra framover
- Yngre befolkning enn gjennomsnittskommunen, men gjennomsnittsalderen er aukande.
- Det skjer årleg ei stor inn – og utflytting i kommunen. Dei siste åra har synt ei større tilflytting enn utflytting.

Folketalsframskrivinga byggjer på SSB si folketalsframskriving for Stord kommune midlare utvikling. Befolkningstilveksten i 2007 var på 1,4%.

Kommunen sitt anslag på utvikling i befolkningssamansetning vert slik:

| Alder | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|---|
| 0-5 år | 1 371 | 1 380 | 1 421 | 1 448 | 1 448 |
| 6-15 år | 2 684 | 2 687 | 2 644 | 2 611 | 2 622 |
| 16-66 år | 11 192 | 11 346 | 11 528 | 11 710 | 11 855 |
| 67-79 år | 1 250 | 1 292 | 1 320 | 1 382 | 1 428 |
| 80-89 år | 509 | 510 | 527 | 506 | 523 |
| 90 år og eldre | 86 | 93 | 92 | 107 | 110 |
| SUM | 17 092 | 17 308 | 17 532 | 17 764 | 17 986 |
| Auke | 242 | 216 | 224 | 232 | 222 |
| Auke i % | 1,4 | 1,3 | 1,3 | 1,3 | 1,2 |

Talet på eldre over 67 år aukar med 11,7% i frå 2008 til 2012. Den største veksten kjem dei siste åra i økonomiplanperioden. Dette vil føra til at kommunen får fleire brukarar som treng pleie og omsorgstenester i planperioden. Me ser at talet på barn i skulealder held seg stabilt i økonomiplanperioden, talet på barn i barnehagealder vil gå svakt opp i perioden.

## 3.2 Økonomiske føresetnader

Økonomiplanen og årsbudsjettet er sett opp etter dei rammeføresetnadene som vart gjeve sentralt gjennom vedtak av kommuneproposisjonen i juni samt det framlagde statsbudsjettet.

### 3.2.1 Frie inntekter

Frie inntekter består av rammetilskot, skatteinntekter, momskompensasjon og andre ikkje øyremerka statlige tilskot, og er hovedfinansieringskjelda for driftsrammene.

Prisstigningsføresetnaden som er lagt til grunn i statsbudsjettet er 4,50.% Denne kjem fram slik :

| | Lønnsvekst 2008 | Varekjøp 2008 | Veid indeks |
|---|---|---|---|
| Prisstigningsføresetnader | 5,0 | 3,6 | 4,5 |

Det er rekna med ein nominell skattevekst ( etter prisjustering ) for kommunane frå 2008 til 2009 med 7,9 %. Denne pårekna skatteveksten må sjåast i samanheng med at kommunal selskapsskatt vert avvikla i 2009. Samstundes er det ei målsetjing for regjeringa å redusera skatten sin del av dei samla inntektene til kommunane frå 47,2% til 45%. Høgste lovlege kommunale skattøyre er difor føreslege auka frå 12,05 til 12,80%.

**Inntektssystemet er endra med verknad frå og med 2009**
Stord kommune er ein minsteinntektskommune. Våre skatteinntekter har dei siste åra variert frå 87% til 94% av landsgjennomsnittet. Inntektsutjamninga har sørga for at kommunen sine inntekter av skatt og inntektsutjamning har kome opp i 95% av landsgjennomsnittet.

Sjølv med dei endringane som vart gjort i inntektssystemet no, har ikkje staten ynskt at alle kommunar skal ha skatteinntekter lik landsgjennomsnittet. Dei store ulikskapane i inntektene mellom kommunane skal framleis gjelda, noko som medverkar til at tenestetilbodet naturleg nok vert ulikt i dei ulike kommunane.

Stord kommune vert rekna som ein lettdriven kommune. I tillegg har kommunen ein gunstig samansett befolkningsprofil (ung befolkning) Dette fører til at kommunen vert trekt i rammetilskotet gjennom det såkalla utgiftsutjamnande tilskotet. I 2009 er dette trekket på 25,2 mill kr.

**Skjønsmidlar**
Kommunen mottek lite skjønsmidlar frå Fylkesmannen. Fylkesmannen har tildelt kommunen 1,1 mill kr for 2008.

**Anslag frie inntekter**
Til grunn for anslag på frie inntekter ligg dei endringane i demografiske forhold som er gjort greie for under befolkningsendring over. Endring i befolkninga gir kommunen isolert meirinntekter utover staten sitt anslag.

Me har og rekna med høgare lokal skattevekst enn landsgjennomsnittet. Dette utifrå svært høg sysselsettingsvekst lokalt i perioden 2009-2011. Det er lagt til grunn ein skattevekst for landet i samsvar med statsbudsjettet sine føresetnader (7,9% vekst). Lokalt har me lagt til grunn 8% skattevekstvekst.

Enkeltelementa som er nytta i budsjettering av frie inntekter i økonomiplanen går fram av tabellen nedanfor:

| (mill. kr) | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|---|
| Innbyggartilskot | 129 007 | 163 401 | 164 988 | 165 204 | 166 351 |
| Utgiftsutjamning | -24 109 | -25 236 | -26 174 | -28 068 | -26 298 |
| Overgangs- og nyordningar | -16 | -1 030 | 0 | 0 | 0 |
| Utanfor overgangsordninga | 3 579 | 2 476 | 2 476 | 2 476 | 2 476 |
| Ordinært skjønn inkl. komp. For auka a.a.avg. | 1 100 | 1 100 | 1 100 | 1 100 | 1 100 |
| Sum rammetilskot ekskl. inntektsutjamning | 109 560 | 140 711 | 142 390 | 140 712 | 143 529 |
| Selskapsskatt | 15 428 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| "Bykletrekket" (anslag) | -49 | -49 | -49 | -49 | -49 |
| Netto inntektsutjamning | 7 946 | 7 613 | 7 197 | 6 462 | 5 474 |
| Sum rammetilskot | 132 885 | 148 275 | 149 538 | 147 125 | 148 954 |
| Skatt på inntekt og formue ) vårt anslag | 345 591 | 372 892 | 382 215 | 391 770 | 401 564 |
| Sum frie inntekter | 478 476 | 521 167 | 531 753 | 538 895 | 550 518 |
| Endring i dei frie inntektene (%) | | 8,9 % | 2,0 % | 1,3 % | 2,2 % |

Ved berekning av frie inntekter i økonomiplanperioden er det lagt til grunn ein realvekst på 2 % i året, befolkningsendring i samsvar med folketalsframskriving for kommunen samt dei endringane i rammetilskot som skuldast omlegging av inntektssystemet.

**Momskompensasjon**
Momskompensasjonsordninga vart innført frå og med 2004. Kommunen får refundert momsen på kjøp av varer og tenester. Føremålet med innføring av ordninga var å likestilla eigenproduksjon med privat produksjon av varer og tenester.

Frå 2010 vert ordninga med at kommunane kan nytta investeringsmomsen til drift oppheva. Det er laga overgangsreglar som tilseier inntektsføring av investeringsmomsen i driftsrekneskapen for åra 2010-2014. 20% av investeringsmomsen skal nyttast til å finansiera investeringar i 2010, deretter 40% og så vidare. Frå 2014 skal all investeringsmomsen som kommunen mottek nyttast til å finansiera investeringane.

I berekninga av momskompensasjon for investeringar er kommunen sitt investeringsnivå i økonomiplanen lagt til grunn.

| (mill. kr) | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|---|
| Momskompensasjon drift | 12 000 | 16 164 | 16 164 | 16 164 | 16 164 |
| Momskompensasjon investering | 11 000 | 15 000 | 9 270 | 7 746 | 6 863 |
| **Sum momskompensasjon** | **23 000** | **31 164** | **25 434** | **23 910** | **23 027** |
| Avsett til investeringar | 0 | 0 | 1 854 | 3 098 | 4 102 |

**Integreringstilskot flyktningar**
Kommunen mottek årleg 1 mill kr i tilskot for at det er eit asylmottak i kommunen. Denne inntekta skal dekka meirutgifter som kommunen har grunna dette. Kommunen har budsjettert med eit integreringstilskot på 11,5 mill kr kvart år i økonomiplanperioden.

Ved busetting av flyktningar mottek kommunen 551 000 kr for kvar vaksen flyktning som vert busett, og 531 000 for born. Kommunestyret har vedteke å ta imot 10 flyktningar kvart år. I tillegg kjem familiesameining. Dette nivået på busetting av flyktningar er lagt til grunn i budsjettet.

### 3.2.2 Øyremerka statstilskot

**Psykiatritilskotet**
Psykiatritilskotet er innlemma i kommunen sitt rammetilskot frå og med 2009.

**Ressurskrevjande tenestemottakarar**
Kommunen får dekka 85% av dei utgiftene til ressurskrevjande tenestemottakarar under 67 år som overstig eit innslagspunkt på kr 835 000 pr brukar. Kommunen vil ha 10 brukarar i 2009 som samla vil gje eit tilskot på 13 mill kr. Nivået på tilskotet er vidareført i økonomiplanperioden.

**Barnehagetilskot**
Barnehagetilskotet vert framleis gjeve som eit øyremerka statstilskot. Kommunen mottek tilskot for både dei private barnehagane og kommunen sine eigne barnehagar. Statstilskotet til dei private barnehagane vert vidareformidla og bles opp kommunen sine bruttoutgifter og bruttoinntekter med vel 50 mill kr.

Kommunen sine eigne barnehagar mottek 16,5 mill kr, statstilskot funksjonshemma utgjer 3,5 mill kr og skjønsmidlane er rekna til 19,5 mill kr. Samla statstilskot barnehagane utgjer 89,5 mill kr.

**Rente og avdragskompensasjon**
Kommunen får rentekompensasjon på skuleanlegg i samsvar med tildelt kvote som er på 47,4 mill kr. Renteføresetnad er 6,5% og dette gir 3,1 mill kr i rentekompensasjon. For skuleanlegg som vart utbygd som del av reform 97 reknar kommunen med å ta imot 1,2 mill kr i kompensasjon. Renta på denne ordninga er fastsett i statsbudsjettet til 6,66%.

Rente og avdragskompensasjon for omsorgsbustader og institusjonsplassar utgjer 6,3 mill kr i inntekt. Av dette er 2,3 mill kr for avdrag og 4,0 mill kr rente. Rehabilitering av kyrkjebygg gir rentekompensasjon med kr 0,5 mill kr.

I 2009 innfører regjeringa ei ny ordning med rentekompensasjon for å rehabilitere skular og basseng. Samla lånekvote er anslått til 48 mill kr. For 2009 er det budsjettert med 0,5 mill kr frå denne ordninga.

Investeringar i økonomiplanperioden i skulebygg er lagt opp for å kunne få tatt ut kommunen sin del av denne investeringsramma.

### 3.2.3 Driftsrammer i økonomiplanperioden

Endring i befolkningsstruktur medfører auka behov og dermed press på kommunen sin tenesteleveranse. I økonomiplanen har me ved budsjettering av utgiftene til sektoren teke utgangspunkt i auken i talet på eldre. Ved berekning av utgifter har ein nytta Kostratal (netto driftsutgift pr person over 67 år). Samla gir dette slik auke i utgiftene innafor denne sektoren:

| 1000 kr | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|
| Pleie og omsorg | 500 | 2 000 | 6 000 |

Det er sett i verk ei rekkje tiltak i 2008 som er lagt til grunn ved budsjetteringa i 2009 som vil dempe veksten i pleie og omsorgssektor. Endring i demografiske data fører likevel til auke i utgiftene i økonomiplanperioden.

For skulane har ein teke utgangspunkt i elevtal når ein har berekna verknaden i økonomiplanen. Då det nesten ikkje er elevtalsauke i perioden, har ein føresett at utgiftene held seg på 2008 nivå. Oppstart av ny ungdomsskule i Nordbygdo vil påføra kommunen auka driftsutgifter til straum, reinhald samt administrasjon av den nye skulen samla rekna til om lag 2 mill kr på årsbasis. Det er ikkje rekna med fleire grupper på grunn av ny ungdomsskule.

Det er lagt inn dekning av meirutgifter til FDV - utgiftene for Nordbygdo ungdomsskule i økonomiplanen. Skuledrift må dekkast innafor alt eksisterande rammer til grunnskulen.

**Lønnsvekst og pensjonskostnad 2009**
I statsbudsjettet vert det lagt opp til ein årslønnsvekst på 5 %. Følgjande lønnsvekst ligg til grunn i budsjettet:

| | | |
|---|---|---|
| Lønnsgliding | | 0,4 % |
| Overheng frå 2008 | | 2,4 % |
| Berekna lønnstillegg pr 01.05.2009 | 4,2% | 2,2 % |
| Lønnsføresetnader lagt til grunn | | 5,0 % |

| | |
|---|---|
| Avsett til lønnsjustering pr 01.05 i budsjett 2009 i heile tusen kr. | 18 020 |

**Pensjonsutgifter**
Kommunen budsjetterer pensjon i samsvar med kommunaldepartementets reglar for pensjonsføring med 15 års amortisasjon av premieavviket.

Pensjonsutgiftene auka kraftig i 2008. I 2009 vert utgiftsnivået redusert igjen. Dette utifrå dei oppgåvene kommunen har motteke frå KLP. Kommunen har eigenrisiko på AFP ordninga. Premien her er estimert utifrå erfaringstal. Berekna premie for kommunen sine tilsette i KLP ordninga er budsjettert med brutto 16,7%, av dette dekker tilsette 2% prosentpoeng.

Statens pensjonskasse har varsla om ein premie på 13,2% inkl. tilsette sin 2 % poengandel.

| | KLP | Statens pensjonskasse |
|---|---|---|
| Premie 2008 | 47 280 | 12 237 |
| Berekna pensjonskostnad | 36 780 | 13 237 |
| Premieavvik | 10 500 | - 1 000 |

Premieavviket for 2009 er på 9,5 mill kr, i tillegg kjem 1,3 mill kr i arbeidsgjevaravgift. Dette vert ført til inntekt i budsjettet for 2009 og amortisert over 15 år frå og med 2010.

# 4 Driftsbudsjettet

Budsjettet for einingsdrift er i hovudsak vidareført på nivå etter korrigeringar vedteke i budsjettrevisjonen i juni 2008. Einingane skal driva innan den tildelte økonomiske ramma. Det betyr at vedteken sparing på kr 10 mill no er innarbeidd og vidareført i driftsbudsjettet for 2009. Den tildelte ramma etter dette er noko lågare enn ved inngangen til 2008, og får konsekvensar med lågare drift på dei fleste område.

## 4.1 Formannskapet

### 4.1.1 Politisk

Løyvingar til folkevald styring er vidareført på dagens nivå. Av løyvinga til disposisjon for formannskapet på 1 mill kr er 0,75 mill kr knytt til tilskot frivillige lag og organisasjonar, jf. frivillighetsmelding.

Det er lagt inn løyvingar til gjennomføring av Stortingsval hausten 2009. Kontrollutvalet sitt budsjett er auka med kr 264 000 inkl. mva.

### 4.1.2 Administrasjon, fellesutgifter, IKT

Stab/støtteprosjektet vart gjennomført i 2008 og konkluderte med at full utnytting av datateknologi innafor strategiplanen for IT, ville ha effektiviseringsgevinst på 3 stillingar når implementeringa er gjennomført.

Politisk er det lagt inn eit sparekrav på 1,3 mill i 2009. I budsjettet er dette følgt opp med ei innsparing på 1,5 mill kr. Dette vil verta gjennomført ved å ta ned stillingar på Rekneskap og løn, IKT, i Utviklingsgruppa og Personalgruppa.

### 4.1.3 Kyrkja

Kyrkjebudsjettet er vidareført på 2008-nivå, prisjustert.

## 4.2 Driftsstyret

### 4.2.1 Personal, HMT

HMT-tiltak må framleis vera prioritert. I august 2008 kom Stord kommune med i Kvalitetskommuneprosjektet, som er eit landsomfattande prosjekt organisert gjennom KS, der om lag halvparten av kommunane i landet er med. Prosjektet har som målsetjing å betra *Kvalitet og Nærvær* på arbeidsplassen, og i Stord har me lagt særskilt vekt på Helse- og omsorgstenestene.

Stord kommune har vore inne i ein periode med sterkt press på arbeidsmarknaden for ei rekkje utsette fagområde, og det har vore nødvendig å setja i verk tiltak for å rekruttera og halda på kompetanse. Denne situasjonen fører også til at lønskostnadene aukar meir enn gjennomsnittet.

Både privat næringsliv og anna offentleg verksemd rekrutterer frå kommunen sine folk, og denne konkurransen må møtast med nødvendige tiltak. Bud-sjettet tek ikkje høgde for å utvida desse tiltaka i 2009.

Den økonomiske situasjonen for kommunen tilseier at tal tilsette må reduserast i åra som kjem. For å kunna gjennomføra dette utan oppseiingar må me i 2009 leggja den aktive rekrutteringspolitikken litt til side for dei fleste fagområde og konsentrera arbeidet om nedbemanning.

Eit tiltak er å utsetja dei seniorpolitiske tiltaka som vart vedteke i Driftsstyret i 2008. Arbeidsgjevar sine kostnader med AFP-avtalar mellom 62 og 65 år er i dag svært høge (ca 66% av full løn) for dei som sorterer inn under KLP (ikkje lærarane). Effekten av tiltaket er m.a.o. usikker, men alt i alt meiner ein likevel at dette er eit rett tiltak når ein står overfor ein situasjon med nedbemanning.

Som eit innsparingstiltak vert det ikkje teke inn nye kommunale lærlingar i 2009. Inntak av lærlingar med lønsdekning gjennom NAV kan halda fram så sant me finn høveleg praksisplass. Det har dei siste åra vore færre søkjarar til lærlingplass enn tidlegare.

Budsjettet til kompetansehevingstiltak og attføringstiltak vert vidareført på same nivå som i 2008.

Stord kommune har tidlegare handsama spørsmålet om betalt/ikkje betalt matpause. Saka har vore spelt inn som eit innsparingstiltak. Ei problemstilling er likevel HTA si formulering om kontoradministrasjon, som kan blokkera for fleksible løysingar i og med at denne gruppa nok er den det reint praktisk er lettast å gjennomføra det for.

Ein vil likevel ta initiativ til forhandlingar med organisasjonane med sikte på å få til ei lokal Forsøksordning, noko avtaleverket opnar for. Det må likevel strekast under at ein vurderer innsparingspotensialet som avgrensa.

## 4.3 Komité for oppvekst og utdanning

### 4.3.1 Grunnskule

Oppvekstprosjektet og Revisjonsrapporten for grunnskulen i Stord (Deloitte 2006) er følgt opp ved at Kommunestyret vedtok Styringsdokumentet for oppvekst i 21.06.2007. Dette dokumentet er samstundes også ei oppfølging og konkretisering av satsings-området Oppvekst i Kommuneplan 2004 – 2015. I Styringsdokumentet for oppvekst legg kommunestyret vekt på at ein må tenkja heilskapleg, tverrfagleg og sjå tilbod i samanheng når ein legg til rette tilboda for barn og unge. Førebyggjande arbeid vert prioritert, og det er lagt vekt på samarbeid med næringsliv og frivillige lag og organisasjonar.

Styringsdokumentet legg opp til å lukka avvika som kom fram i revisjonsrapporten om grunnskulen i 2006, og få ressursane i Stordskulen opp på nivå med samanliknbare kommunar. Etter budsjettrevisjonen i juni 2008, vart budsjettramma til skuledrift auka slik at behovet for spesialpedagogiske tiltak vart stetta, og attåt dette vart skulane tilført 1.25 mill til vikarbudsjettet for hausten 2008. Desse midlane er vidareført i 2009.

Med utgangspunkt i prioriteringar i Styringsdokumentet vil kommunen halda fram med å setja i verk dei tiltaka som ikkje kostar pengar eller som ein kan løysa ved omprioritering.

Fleire viktige prosjekt innan skulesektoren vil vera avgjerande for skuledrifta framover, både organisatorisk og fagleg. Effektivisering av administrative tiltak er avhengig av IKT-relaterte løysingar. Prosjekt om spesialundervisninga har som mål å snu midlar til tilpassa opplæring. Revisjon av budsjettmodell for skuledrifta vil ta for seg fordeling av midlane mellom skulane.

Fagleg er prosjektet Lesing prioritert for å styrka elevane sin kompetanse innan denne grunnleggjande dugleiken. Innan området Kvalitetssikring og kvalitetsutvikling vert det i 2009 arbeidd vidare i tråd med sentrale og lokale kvalitetsmålingar og undersøkingar, attåt at kommunen vidarefører dialogårshjulet for skule som vart innført i 2008.

I tråd med prioriteringar i Styringsdokumentet tek budsjettet høgde for å oppretta områdekoordinatorar for samarbeid mellom skule og lag - /og organisasjonar. Det er forventa at staten held fram satsing på kompetansetiltak for lærarar, og at det vert tilført midlar til dette.

Skulebudsjettet er i framlegget også teke noko ned for å få totalbudsjettet i balanse. Dette kan bety ein liten nedgang i elevressursen, færre lokalt øyremerka midlar til bading, ikkje auke i vaksenopplæringsmidlar og noko reduksjon av utstyr til ungdoms-trinnet. I budsjettet er det ikkje funne rom for nye midlar til vikar. Endringane i budsjettet til sosial og førebyggjande tenester inneber at det ikkje er rom for voktarbeidarar i skulen.

Tiltak som effektivisering av skuledrift gjennom lokale forskrifter for skuleplass kan gje effekt frå hausten 2009, og vert vurdert i budsjettrevisjonen i juni 2009.

Spesialundervisning

Prognosen for 2009 tek utgangspunkt i aktive vedtak, kjennskap til elevar med spesialpedagogisk hjelp i barnehage og elevar som går ut av ungdomsskulen, samt overgangar mellom klassestega.

### 4.3.2 Skulefritidsordninga (SFO)

Betalingssatsane er auka slik at ein heil plass frå 2009 kostar kr. 2.300. Når det gjeld ekstraassistent for barn med særlege behov, tek ein i budsjettet utgangspunkt i prognose for talet på barn som vert overført frå barnehage til skule. Kommunen har ein stram tildelingspraksis til ekstraassistent SFO ordninga.

### 4.3.3 Kulturskule

Kulturskulen vert vidareført på omlag same nivå som i 2008. Betalingssatsane vert auka med til saman kr. 250.000. Det er ikkje lagt inn midlar til å realisera ei samla flytting av kulturskulen til Kulturhagen/Fanari i økonomiplanen.

### 4.3.4 Barnehagar

**Barnehagedekning og behov**
Det er eit mål for barnehagesatsinga at kommunen skal ha full barnehagedekning. Per 20. september 2008 har 1028 barn barnehageplass i kommunen, medan 93 barn står på venteliste. Av desse 93 treng 43 plass innan 2008, medan 50 treng plass etter 1. januar 2009. Dei fleste barna på venteliste er under tre år. Dekningsprosenten er på ca. 90. Kommunen har plikt til å sørgja for at det finst eit tilstrekkeleg tal barnehageplassar for barn i opplæringspliktig alder. Lovfesta rett til barnehageplass vil verta vedteken frå 2009.

**Likeverdig behandling**
Kommunen følgjer forskriftene for tilskot til private barnehagar. Nye barnehageplassar i privat regi i 2008 får konsekvensar for utmåling av kommunalt tilskot i 2009. Skjønsmidlar for 2009 er forventa å kunna dekka det kommunen må betala i tilskot i samband med likeverdig behandling. Når statstilskotet til barnehagar frå 2011 vert innlemma i rammetilskotet til kommunane, vil kommunane få det heile økonomiske ansvar for sektoren.

**Kompetanseutvikling i barnehagane 2009**
Kommunen har ansvar for at personalet både i kommunale og private barnehagar får tilbod om kompetanseheving. Fokus for kompetanseutvikling i 2008 har vore på prioriterte område med bakgrunn i strategi for kompetanseutvikling i barnehagesektoren 2007-2009. Gjennom fylkesmannen vert det gjeve statlege midlar til kommunane til kompetanseutvikling i kommunale og private barnehagar, tilskotet føreset ein kommunal eigenanddel. I 2009 er det sett av 200.000 til kompetansehevande tiltak.

**Andre satsingsområde**
Stord kommune har utvikla plan for samarbeid når det gjeld rutinar for overgangar mellom barnehage og skule, og for felles fagleg kompetanse for pedagogar i barnehage og lærarar i skule. Arbeidet med utvikling av dette vil halda fram i 2009.

Frå haust 2008 er det starta opp eit språkprosjekt i barnehagesamanheng som har fokus på å utvikla eit språkstimulerande miljø i barnehagane og som skal gi barna eit betre grunnlag i høve til skulestart og lese/skriveopplæring. Jf. satsinga som og vert gjort i skulen

**Kommunen som tilsynsmyndighet**
Kommunen er lokal tilsynsmyndighet for alle barnehagar. Kommunen skal sjå til at barnehagane i kommunen vert drivne i samsvar med gjeldande regelverk.

FOS (Forum for oppvekst i Sunnhordland) har for 2008/2009 fått midlar frå fylkesmannen til å gjennomføra eit prosjekt der tre ulike tilsynsmodellar vert prøvd ut. Hovudmålet er å finna ein modell der eigen kommune i minst mogleg grad gjennomfører tilsynet i eigne barnehagar, og at tilsynet i staden vert utført av representantar frå nabokommunane.

Prosjektet vil vera ferdig våren 2009. Det skal då vera gjennomført seks tilsyn på tvers av kommunane Bømlo, Stord, Fitjar, Kvinnherad, Sveio og Etne. Uansett har kommunen ansvar for å føra tilsyn. Eit system for forvaltningskontroll/ tilsyn krev ressursar å setja i verk og følgja opp. Kommunen må ha ein plan for tilsyn.

Bruk av fond i 2009 følgjer tiltaksplanen som vart laga i 2008.

**Spesialpedagogisk hjelp barnehage**
Tilbodet er vidareført og justert i høve til forventa endringar i 2009.

## 4.3.5 Førebyggjande tenester, barnevern

**Førebyggjande helsetenester og PPT.**
Det var frå eininga foreslått å auka skulelegetenesta, smittevernarbeidet (tuberkulose) samt lagt inn ny pris på VOKT-arbeidarane. Dette er ikkje lagt inn. Ramma er i tillegg redusert ved at det berre vert teken inn ein VOKT-arbeidarar i 2009, øyremerka til arbeid i fritidsklubb.

Vidareført sparing frå 2008 medfører ytterligare reduksjon som betyr at ledig 70 % heimkonsulent stilling vert trekt inn. Oppgåvene må dels overførast til andre i eininga. Samstundes vert det høgare terskel for oppretting av ansvarsgruppe, samarbeid, samt mindre arbeid med flyktningfamiliar. I tillegg må tuberkulosearbeidet prioriterast framføre ein del andre oppgåver. PPT sitt budsjett vert redusert med kr 100 000. Det betyr mindre kjøp av spesialkompetanse, eventuelt redusert stillingsressurs.

**Barnevern**
Utgiftene til Barnevern både når det gjeld administrasjon og tiltak for barn er vidareført på 2008 nivå. Sunnhordland Interkommunale barnevern (SIB) er i år blitt organisert etter nye reglar i Kommunelova §28 om vertskommunesamarbeid. Det betyr at Stord er arbeidsgjevar for alle tilsette i samarbeidskommunane og har ansvar for barnevernstenestene i kommunane Bømlo, Fitjar og Stord. Målsetjinga er auka kvalitet på tenestene, samt å styrkja fagmiljøet slik at ein held på kompetanse og legg til rette for rekruttering.

Det er planlagt samlokalisering av tenestene innan 1. mars 2009. Kommunestyret bad i september om at det blir gjennomført ei kartlegging av barnevernet sitt saksomfang, og at det blir vurdert om bemanninga og effektiviteten i SIB er tilfredsstillande.

Ut frå ei førebels kartlegging ser ein behov for eitt til to årsverk, noko det ikkje er funne rom for i budsjettet. I samband med tilbakemelding på forvaltningsrevisjonen april 2009 vil dette spørsmålet verta nærare vurdert.

## 4.4 Komite for næring, miljø og kultur

### 4.4.1 Kultur og idrett

Tilskotet til Vikahaugen er redusert frå kr. 0,6 mill til kr. 0.3 mill. Dei får auka leigesatsar frå kommunen med kr. 0,6 mill.

**Kulturtenester**
Kulturtenester vert vidareført på omlag same nivå som i 2008.

Den kommunale drifta av Hageruphuset vart som ein del av innsparingskravet i 2008 nedlagt. Venelaget for Hagerupshuset har overteke den daglege drifta og dette er tenkt vidareført i 2009.

Inntektskravet til **Kulturhuset** er auka med 200.000. Prisane må difor justerast opp noko.

Drifta av **fritidsklubbane** har vore ei utfordring dei siste åra. Problemstillingane er samansette og varierer også noko mellom klubbane. Det går ein del på lokalitetar, men og på vaksentettleiken. I 2009 vil ein prioritera voktarbeidarressurs mot særleg Litlabø fritidsklubb.

Det er utarbeidd ein kalkyle for eit **lokalhistorisk verk** for Stord. Framdriftsplanen føreset ein ressurs tilsvarande eitt årsverk i 2009 (0,5 mill). Det er ikkje funne rom for tiltaket i budsjettframlegget. Planen legg til grunn eit finansieringsbehov på 8,7 mill kr og at arbeidet strekkjer seg over 10 år.

**Bibliotek**
Folkebiblioteket måtte våren 2008 redusera opningstidene ved hovudbibliotek og filial som følgje av at det ikkje vert tilsett i 40% stillingsressurs. Ein har ikkje funne rom for å ta med denne stillinga att i 2009-budsjettet.

Det vert hausten 2008 sett i gong eit mindre bibliotekplanarbeid med målsetjing å prioritera og planleggja bibliotekdrifta dei næraste åra i høve til målgrupper og ressursar.

Det er og i 2008 inngått ein bibliotekfagleg samarbeidsavtale med folkebiblioteka i Kvinnherad, Bømlo, Sveio, Fitjar, Etne og Tysnes. Utgreiing av framtidige samarbeidsmodellar pågår, og vil bli samordna med det planarbeid som skal gjerast ved Stord folkebibliotek, og som skal sluttførast våren 2009.

### 4.4.2 Næring

**Landbruk/miljø**
Landbruk og miljø vert drive som eit interkommunalt samarbeid mellom Stord og Fitjar med Fitjar som vertskommune. Drifta vert vidareført på same nivå som i 2008.

**SNU, Flyplassen m.m.**
Driftstilskot til SNU er redusert med 0,5 mill kr. SNU har ei oppdragsmengd som tilseier at drifta vil halda fram i 2009, men leiinga i selskapet gjev uttrykk for at tilskotet med dette vert på eit nivå som ikkje gjev eit tilfredsstillande driftsgrunnlag på sikt.

Det er i budsjettet for 2009 lagt inn eit driftstilskot til Stord lufthamn på 1,0 mill kr. Vidare er det lagt inn tilskot til Hordaland olje og gass, Business Region Bergen, reiselivssamarbeid i regi av samarbeidsrådet og Haukelivegen AS.

### 4.4.3 Tekniske tenester

**Brann, beredskap og feiing**
Brannvesenet vert vidareført på om lag same driftsnivå som i 2008. Feiarbudsjettet skal dekkast av gebyr og vert auka med 10% i 2009.

**Regulering, byggelsak og oppmåling (RBO)**
Eininga er lagt inn i 2009 med same aktivitetsnivå som 2008. Det er stor plan- og byggeaktivitet i kommunen, og talet på tilsette bør ikkje reduserast. Målet er å halda lovpålagt saksbehandlingstid, men mange og nye saker kan gjera dette vanskeleg. Det er og vanskar med rekruttering til ledige stillingar. Gebyra er auka med om lag 10 %. Målet er at for forvaltningstenestene skal gebyra dekka sjølvkost.

**Tekniske tenester**
Tekniske tenester har i dag ansvar for forvaltning (F), drift (D) og vedlikehald (V), samt utvikling(U) for alle kommunale bygg og anlegg.

Eininga er organisert i 3 fagområde: VAR: ( vatn, avløp og renovasjon ), bygg og eigedom, veg og trafikk.

Det er i budsjett 2009 for Tekniske tenester ikkje lagt inn volumauke i høve 2008. Det er likevel lagt inn prisstigning på kjende forbrukspostar som kan oppsummerast slik:

- Husleigekostnader er justert opp med 20% i høve revidert budsjett, og følgjer faktiske avtalar
- Eigedomsavgiftene er justert opp i tråd med innlagt avgiftsauke
- Lønskostnader er lagt opp i tråd med lønsjusteringar inngått i 2008

Budsjettering av straumutgifter er justert i høve prognosetal, men det heftar framleis noko uvisse kring det reelle kostnadsbiletet. Følgjande tiltak vil verta sett i verk i 2009 for å tilpassa seg budsjettrammene:

- Innsparing som følgje av mindre vikarbruk ved sjukdom (reinhald, vaktmeister)
- Reduksjon i lønskostnader tilsvarande to årsverk
- Innsparing som følgje av fjerning av byggvaktordninga
- Betydeleg innsparing som følgje av redusert satsing på vedlikehald av kommunale bygg
- Det vert vidareført delvis sløkking av veglys på natta mellom kl 01.00 og 05.00

Stord kommune har ein bygningsmasse på til saman ca. 90.000 m$^2$ fordelt på skular, barnehagar, institusjonar, idrettsbygg, administrasjonsbygg, utleigehusvære m.m. I følgje KS si landsomfattande undersøking om vedlikehald i kommunesektoren i 2008 har Stord kommune eit estimert teknisk oppgraderingsbehov på til saman ca. kr. 315 000 000 fordelt over 10 år. Dette vert kravd for å heva bygningsmassen opp til ein tilstand utan vesentlege feil eller manglar, men der einskilde bygg isolert sett kan aksepterast å ha ein tilfredsstillande tilstand (ambisjonsnivå B). Dette utgjer ca. 3500 kr/m$^2$ på 10 år, dvs. 350 kr/m$^2$ for kvart år dei neste 10 åra for å ta igjen etterslepet.

I budsjett for 2008 var det avsett 24 kr/$m^2$ til årleg vedlikehald av kommunale bygg. I følgje normtal for planmessig førebyggande vedlikehald av bygningar bør kostnadsmessig optimalt vedlikehald liggja mellom 100-150 kr/$m^2$ .

Med kommunen sin bygningsmasse vil gapet mellom budsjettert vedlikehald og akseptabelt vedlikehald i 2008 vera ca. 11 millionar. Det er i budsjettforslaget ikkje lagt inn oppjustering av vedlikehaldspostane for kommunale bygg, og etterslepet på dette området vert difor meir omfattande.

I tilsynsrapportar frå branntilsyn ved kommunale bygningar ligg det føre fleire merknader på manglar vedk. bygningstekniske forhold som det må ordnast opp i. Dette gjeld særleg forhold knytt til branntryggleiken for t.d. skulebygg. Arbeidet med dette vart sett i gang i 2008 og vidareføring må prioriterast. Det vert lagt fram eiga sak om selskapsorganisering av eigedomsområdet.

For avgiftsområdet VAR er det lagt auke i gebyret (vatn: 17, %, avløp: 10%, renovasjon: 4%). Dette er eit resultat av stor anleggsverksemd på området, og den generelle renteauken for låna. Av investeringsprosjekt kan trekkjast fram utvikling av Heiane Vest, kloakksanering for Sagvåg, Leidningsnettet i området Fjellgardane-Rommetveit, høgdebasseng Nysæter, samt miljøgate i Øvre Borggata. Det vert lagt fram eiga sak om selskapsorganisering av VAR

## 4.5 Komite for rehabilitering, helse og omsorg

### 4.5.1 Sosialtenester

**Sosialtenester (rus og psykiatri)**
Hamna kontaktsenter har flytta inn i nye, større lokale grunna behov for større plass. Drifta her er finansiert av psykiatrimidlar. Hamna har hatt stor auke i besøkstal, medan tal på tilsette ikkje er auka. Komité for Rehabilitering, helse og omsorg gjekk inn for å styrka PROBIS (bustadoppfølging rus) med ei stilling. Det er det ikkje funne rom for det i 2009. Det er ikkje lagt inn tilskot til Fyrløkto i 2009.

**NAV**
NAV Stord vart oppretta 1. juni 2007 ved at tidlegare trygdekontor, arbeidskontor og deler av kommunen sine tenester etter lov om sosial omsorg er flytta saman i nye lokale i Backertunet. Det medførte at i alt 16 stillingsheimlar frå kommunale einingar vart organisert inn i ny eining. NAV kommune omfattar økonomisk sosial hjelp, deler av rusomsorg, flyktningtenesta og Springbrettet (arbeidsretta tiltak for unge).

NAV Stord fekk redusert budsjettet for 2008 med 1 mill kroner, noko som er vidareført i perioden 2009-2012. Reduksjonen er gjort i økonomisk sosialhjelp. Innanfor økonomisk sosialhjelp er det færre brukarar, men desse krev meir enn tidlegare, både med oppfølging og av økonomisk stønad. På bustadmarknaden er det dyrt med tanke på husleige og bustadlån, der renta aukar. Dette fører til behov for høgare stønad og driftsreduksjonen medfører difor utfordringar for tenesta.

### 4.5.2 Pleie, rehabilitering og omsorg

Omstillingsprosjektet for pleie og omsorg vart avslutta i januar 2007. Gjennomføringa av endringane heldt fram gjennom heile 2007 og stram styring og tildelingspraksis har vore vidareført i 2008. På tross av dette har området hatt store budsjettavvik i 2008. Området vart styrka ved budsjettrevisjonen i juni 2008 pga særskilde tiltak i høve til omsorgs-krevjande brukarar.

**Behovsprofil omsorgstenestene**

| Alder | 2008 | 2009 | Andel brukarar kjernetenester * 01.01.2008 | Prognose 2009 | Auke i antal |
|---|---|---|---|---|---|
| **0-66 år** | 15 247 | 15 413 | 193 | 195,10 | 2 |
| **67-79 år** | 1 250 | 1 292 | 106 | 109,56 | 4 |
| **80-89 år** | 509 | 510 | 217 | 217,43 | 0 |
| **90 år og eldre** | 86 | 93 | 61 | 65,97 | 5 |
| **SUM** | 17 092 | 17 308 | 577 | 588,05 | 11,05 |

*Kjernetenester= Personretta tenester og praktisk bistand til heimebuande, inkl. Knutsaåsen (34 plasser) og bufellesskap

| Alder | 2008 | 2009 | Andel brukarar Andre hemetenester** 01.01.2008 | Prognose 2009 | Auke i antal |
|---|---|---|---|---|---|
| **0-66 år** | 15 247 | 15 413 | 180 | 181,96 | 2 |
| **67-79 år** | 1 250 | 1 292 | 20 | 20,67 | 1 |
| **80år og eldre** | 595 | 603 | 24 | 24,32 | 0 |
| **SUM** | 17 092 | 17 308 | 224 | 226,95 | 2,95 |

**Andre heimetenester=Avlasting, støttekontakt og omsorgsløn

| Alder | 2008 | 2009 | Andel brukarar langtid sjukeheim 01.01.2008 | Prognose 2009 | Auke i antal |
|---|---|---|---|---|---|
| **0-66 år** | 15 247 | 15 413 | 4 | 4,04 | 0 |
| **67-79 år** | 1 250 | 1 292 | 13 | 13,44 | 0 |
| **80-89 år** | 509 | 510 | 18 | 18,04 | 0 |
| **90 år og eldre** | 86 | 93 | 13 | 14,06 | 1 |
| **SUM** | 17 092 | 17 308 | 48 | 49,57 | 1,6 |

Stord sjukeheim 62 plasser, dvs 14 korttidsplasser pr. 01.01.2008. Av totalt 86 i gruppa 90 år+ har 61 kjernetenester og 13 langtid sjukeheim . Det er 12 som ikkje mottok pleie og omsorgstenester

**Vurdering av behov for heildøgnsomsorg:**
Framskrivne tal for befolkningsutvikling i gruppa 90år + indikerer behov for auka heildøgnsomsorg.

**Kostra:**
Netto driftsutgifter pleie og omsorg pr innbyggjar 80 år+: Kr 280 000
Antal innbyggjarar 80år+ aukar med 8 dvs ekstra kostnad på kr 2 2240 000

Når det gjeld behovet for yngre brukarar er dette vanskeleg å forutsjå. I aldersgruppa 67–79 år kjem det ca. 42 nye innbyggjarar. Det er ikkje lagt inn auke i drift for eventuelle nye brukarar. Dermed må nivået på tenestene til eksisterande brukarar reduserast.

Fleire tiltak er vedtekne i Rehabilitering, helse og omsorgsplan, psykiatriplan og i Rusmiddelpolitisk handlingsplan. Dette gjeld m.a. bygging av 10 bustader til personar med utviklingshemming, utvida dagtilbod for utviklingshemma, utvida drift ved Knutsaåsen omsorgssenter, nye dagtilbod for demente og utviding av Vokt–arbeidarar. Ein finn ikkje økonomisk grunnlag for å leggja inn desse nye tiltaka i 2009.

Dagtilbodet for demente i Sævarhagen vert avvikla i 2009 (innsparing kr 800.000). Dette vil vera med å auka press på alternative tenester og på nettverket rundt brukarane. Tilsette må omplasserast.

Ein har priortert å oppretthalda sjukeheimsplassane ved Stord sjukeheim (62 plassar) og bustadane med heildøgns omsorgstilbod på Knutsaåsen omsorgssenter (41 plassar).

Det er lagt inn maksimale eigenbetalingssatsar for dei tenestene. Det er løyvd 0,2 mill til utstyr til sektoren. Opptrappingsplanen for psykisk helse vert avslutta i år og øyremerka midlar går inn i rammetilskotet f.o.m. 2009. Nye tiltak for barn og unge med psykiske lidingar er ikkje lagt inn i 2009 budsjettet (nye krav frå Bufetat).

**Heimebaserte tenester**
Saldert budsjett legg til grunn aktivitetsnivå tilsvarande gjennomsnitt for 2007. Auka behov i 2008 og forventa demografisk utvikling er ikkje lagt inn. Budsjettet vil gje reduksjon i personretta tenester, praktisk bistand, avlastingstilbodet, omsorgsløn og støttekontakt, tilsvarande 3,5 mill.

Dette fører til streng vurdering av vilkår for tildeling av hjelp, samt redusert omfang på tildelte tenester. Til dømes vert husvask redusert til 1 gong pr månad. Det vert ikkje tildelt omsorgsløn til nye søkjarar og ein reduserer omfang av ferieavlasting og døgnavlasting. Det er ikkje rom for å tildela støttekontakt til andre enn dei som har lovfesta rett til dette.

Det er lagt inn eit krav om effektiv drift tilsvarande direkte tid i personretta tenester på 60% (tidlegare 58%) og 74% på Knutsaåsen. Det er ikkje lagt inn midlar til drift av dei siste 5 plassane ved Knutsaåsen omsorgssenter.

Demensteam vert avvikla i si noverande form. Tilbod om kartlegging og tilrettelegging av tilbod til demente vert dermed redusert.

Det er ikkje funne midlar til drift av to nye bufellesskap for til saman 10 personar med utviklingshemming. Det er til saman 20 yngre funksjonshemma som treng ny bustad i nær framtid eller litt på sikt (jf. RHO planen). Det er sett av midlar til drift av nytt bufellesskap for fem personar med psykiske lidingar. Anbod viser at byggekostnaden for tida vil gje ei altfor høg husleiga. Denne utbygginga er difor utsett.

**Dag- og arbeidstilbod**
Utviding ved Sæbø gard ligg ikkje inne i budsjettforslaget. Det vil seia at 5 personar med utviklingshemming manglar dagtilbod. Desse må få alternative tilbod i heimen. Fram til år 2015 er det ca 14 personar med utviklingshemming som treng nye dagtilbod.

**Stord sjukeheim**
Auke i ramma til sjukeheimen gjer det mogeleg å halda alle plassane opne med dei tilboda som eksisterar i dag. Med redusert tal sjukeheimsplassar i kommunen har det blitt større pleietyngde enn føresett i budsjett 2007/ 2008. Ressursauken har gått med til å dekka grunnleggande behov. I tillegg har matvarekostnader auka. Det har ikkje vore mogeleg å utvida legeressursane i korttidsavdelinga slik det var føresett i sak 7/08 i komité for rehabilitering, helse og omsorg. Samarbeidsprosjekt med HSH vert avvikla i si noverande form.

### 4.5.3 Rehabilitering

**Re-/habilitering**
Etter nedlegging av døgnbasert rehabiliteringstilbod var det viktig å etablera ein berekraftig organisasjon samstundes som ein skulle spara pengar. I 2008 budsjettet var det lagt inn kr. 0,3 mill for å kunna starta gradvis opp dagrehabilitering ved Stord kommunale rehabiliteringssenter. Dette vert gjennomført i 3 periodar a 5-6 veker i 2008. Dette tilbodet er lagt inn for vidareføring i 2009 med 4 periodar.

Stord sjukeheim har fire plassar for døgnrehabilitering. Driftsbudsjettet ved eining for aktivitet og re-/habilitering er redusert med kr 500.000 i 2009. Dette vil gje reduksjon på eitt årsverk. Dersom dette ikkje kan ordnast med naturleg avgang, kan det måtte løysast ved oppseiing. Dette vil føra til redusert kapasitet og lengre ventetid for re-/habilitering både ved døgn-, dag- og i heimane.

Det er ikkje lagt inn kommunal eigendel (kr 95.000) for prosjekt Partnarskap for folkehelsa (folkehelsekoordinator), noko som kan føra til at prosjektet vert avslutta i 2008.

**Lokalt produksjonskjøkken**
Bygging av lokalt produksjonskjøkken har vore til politisk handsaming, seinast i komité for rehabilitering, helse og omsorg i mai i år (sak14/08). Komitéen ynskte då å få sjekka ut om det let seg gjera å samordna ulike tiltak i sentrumsområdet, til dømes eldresenter, produksjonskjøken, omsorgsbustadar for unge/eldre, rehabiliteringssenter osv.

Det har vore gjennomført ein avgrensa anbodskonkurranse for leige av lokale til produksjonskjøkken og dagsenter. Det har meldt seg ein tilbydar, og anbods-konkurransen er avlyst, men med høve til vidare forhandlingar med tilbydar.

Samstundes med desse prosessane, har kommunen skifta leverandør av middag til bebuarar på sjukeheimen og Knutsaåsen Omsorgssenter. Me har no ein kvalitet på maten som både bebuarar, pårørande og tilsette er tilfredse med. Kommunen må ut med nytt tilbod om middagslevering i løpet av våren 2009 då noverande kontrakt går ut 1. juni 2009.

I dagens økonomiske situasjon er det ikkje mogeleg å finna midlar til investering i dagsenterlokale i sentrum. Ideen om kombinasjonsdrift av kjøkken/eldresenter, slik det vert praktisert i Odda kommune (Bokkotunet), er framtidsretta og det bør vera ei målsetjing å få til ei slik løysing. Ein finn ikkje rom for å setja lokalt produksjonskjøkken og lokale til eldresenter i sentrum i planperioden.

# 4.6 Finans, avgifter og betalingssatsar

## 4.6.1 Gebyr og betalingssatsar

Dei kommunale gebyr – og betalingssatsane er endra i samsvar med tabell nedanfor for 2009. Nærare detaljar for dei ulike avgiftene går fram av vedleggshefte Betalingssatsar.

| Teneste | Auke | Kommentar |
|---|---|---|
| Kommunale barnehageplassar | 0 | Følgjer maksimumssatsane |
| Skulefritidsordning | 7 % | Aukar med 150 kr pr mnd |
| Stord Kulturskule | 20% | Elevavgiftsauke kr frå 420-480 |
| Korttidsopphald og dag-/nattopphald i sjukeheim | | Forskriftsbestemt |
| Heimebaserte tenester | 4,0% | |
| Husleige generelt | 4,0% | Følgjer konsumprisindeksen |
| Gebyr for oppmålingsarbeid | 9,0% | |
| Reguleringsgebyr – delingssøknader | 9,0% | |
| Byggesaksgebyr | 9,0% | |
| Avgift for slamtøming | 9,0% | Auke frå SIM |
| Årsavgift – vassavgift | 17,4% | I tråd med vedteken rammeplan |
| Årsavgift – avløpsavgift | 10,4% | I tråd med vedteken rammeplan |
| Avfallsavgift<br>Hytterenovasjon | 4,0%<br>4,0% | Gjeld standardløysing, auke frå SIM |
| Torghandel | 6,0% | |
| Avgiftsparkering | 42,0% | Timeavgift frå 7 til 10 kr |
| Feiing og brannsyn | 10,0% | |

I økonomiplanperioden er det lagt til grunn følgjande reelle auke i % i dei kommunale avgiftene.

| | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|
| Vassavgift | 11 | 9 | 4 |
| Avløpsavgift | 12 | 11 | 5 |
| Avfall | 0 | 0 | 0 |
| Feiing | 0 | 0 | 0 |

Avgiftene innan dette området aukar relativt mykje i økonomiplanperioden. Dette skuldast i hovudsak auke i rentenivået samt framlegg til store investeringar i perioden.

## 4.6.2 Finansinntekter og utgifter

**Finansutgiftene**
Kommunen si samla lånegjeld ekskl. startlån ved utgangen av 2008 vil vera på 663 mill kr. Stord hamn sin del av denne utgjer 19,0 mill. Netto kommunal gjeld vert kr. 644 mill.

Minimumsavdrag er rekna ut etter lånegjelda pr 31.12 2007. Låneopptak 2007 vert vekta i samsvar med føremålet for investeringane. Gjennomsnittleg vekta avdragstid for lånemassen pr 31.12 2007 er 29,0 år. For lån tekne opp i 2008 vert vekta avdragstid 37 år. Dette gir minimumsavdrag på 23,1 mill kr for 2009.

I årsbudsjettet har rådmannen lagt til grunn avdrag på 25,7 mill kr som er innanfor kommunelova sitt krav til minimumsavdrag. Dette nivået vert vidareført i økonomiplanperioden.

## Lånegjelda

Det er planlagt slike låneopptak i perioden:

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|
| Startlån | 10 000 | 10 000 | 10 000 | 10 000 |
| Avgiftsfinansierte låneopptak | 64 558 | 55 330 | 45 140 | 42 110 |
| Andre lån | 81 535 | 50 140 | 37 650 | 29 120 |
| Sum låneopptak | 156 093 | 115 470 | 92 790 | 81 230 |

Kommunen si gjeld fordeler seg slik pr 31.12 i planperioden: (tal i mill kr):

| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|---|
| Total lånegjeld | 705,8 | 836,3 | 915,0 | 967,8 | 1 012,3 |
| Formidlingslån/startlån | 43,0 | 50,6 | 57,8 | 64,2 | 70,2 |
| Eigne lån | 662,8 | 785,6 | 857,2 | 903,6 | 942,0 |
| Utlån til Stord Hamnestell | 19,0 | 19,0 | 19,0 | 19,0 | 19,0 |
| Sum eigne avdragslån | 643,8 | 766,6 | 838,2 | 884,6 | 923,0 |
| Lån finansiert over avgiftsområdet | 235,4 | 289,6 | 332,4 | 363,1 | 389,4 |
| Sum kommunale lån | 408,4 | 477,0 | 505,8 | 521,5 | 533,6 |

Utviklinga i samla renter og avdrag vil med dei investeringane som ligg inne i økonomiplanen utvikla seg slik:

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|
| Renteutgifter ekskl. startlån | 38 000 | 47 900 | 52 650 | 56 500 |
| Avdragsutgifter | 25 700 | 30 200 | 34 050 | 36 845 |
| Sum rente og avdrag | 63 700 | 78 320 | 86 920 | 93 565 |

Det er lagt til grunn ei flytande rente 6,75 % i 2009 og fast rente berekna etter dei låneavtalane kommunen har i dag. For 2010 – 2012 er det rekna med ei gjennomsnittleg flytande rente på 5,5%. Det er vidare lagt opp til at nye lån som vert tekne opp i gjennomsnitt vil nedbetalast over 30 år.

Investeringsprogrammet fører til auke i kommunen sine finansutgifter i økonomiplan perioden på 30  mill kr. 51% av denne utgifta vert dekka av dei kommunale eigedomsavgiftene.

**Finansinntektene**
I årsbudsjettet for 2009 er det forventa slik avkastning:

| Aktivaklasse | Kapital 1000 kr | Forventa avkastning i % | Budsjettert uttak avkastning i 1000 kr. |
|---|---|---|---|
| Lån idrettslag/kontanter | 10 000 | 6,00 % | 600 |
| Pengemarknad | 70 000 | 6,00 % | 4 200 |
| Obligasjonar | 54 000 | 5,00 % | 3 000 |
| Aksjar | 26 000 | 0,75 % | 200 |
| Sum fond | 160 000 | | 8 000 |
| Andel kraftselskap | | | 5 000 |
| Sum | | 5,00 % | 13 000 |

Det er budsjettert med eit uttak på 8,0 mill kr i 2009 samt 5 mill kr som utbytte. Inntektsmålet er usikkert, uttaket er derfor basert ei avkastning av kapitalen lik pengemarknadsrenta.

# 5 Investeringar

Framlegg til investeringsbudsjett for økonomiplanperioden 2009-2012 byggjer på den vedtekne økonomiplanen for 2008-2011, samt sektorplanar som skulebruksplan, eldreplan og vatn og avlaupsplan. Det er likevel eit forhold at dei økonomiske rammene i perioden gjer at ein ikkje ser det som mogeleg å oppfylla alle måla i sektorplanane.

Investeringa i ny ungdomsskule for Nordbygdo og det at momskompensasjon for investeringar skal fasast ut som finansieringsgrunnlag for driftsbudsjettet, gjer at det å få balanse i budsjettet vert ei utfordring i slutten av perioden.

Som eit tiltak for å balansera økonomiplanen har ein valt å leggja seg på eit noko lågare investeringsnivå i perioden i høve til gjeldande økonomiplan. Dette er sjølvsagt ikkje uproblematisk då det medfører eit ytterlegare etterslep på investeringar og rehabiliteringsprosjekt.

Prosjektkostnadene er lagt inn med 10 % prisauke. For nokre prosjekt er kostnads-ramma auka meir enn 10 % etter nærare gjennomgong. For nye tiltak er juliprisar 2008 lagt til grunn for kostnadstala.

Den totale investeringsramma er på 449,8 mill kr i økonomiplanperioden. Av dette utgjer investeringar innanfor avgiftsområdet 207,1 mill kr. Desse investeringane er lånefinansierte og låneutgiftene vert dekka av avgiftene.

Alle investeringssummar med unntak for avgiftsområda er budsjettert med bruttotal (inkl. meirverdiavgift). For nærare detaljar vert det synt til vedlegg til økonomiplanen.

**Framlegg til investeringar 2009 – 2012**

Framlegg til investeringar pr. tenesteområde ( tal i heile tusen kr.):

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2009-2012 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Administrasjon og fellesfunksjoner** | 5 550 | 7 200 | 6 500 | 5 250 | 24 500 |
| **Bustad / Næring / utbygging** | 500 | 750 | 250 | 250 | 1 750 |
| **Skule og barnehage** | 59 500 | 13 000 | 11 300 | 13 000 | 96 800 |
| **Helse og sosial** | 2 500 | 16 300 | 9 600 | 8 800 | 37 200 |
| **Kyrkje** | 8 600 | 11 400 | 4 100 | 3 800 | 27 900 |
| **Kultur, idrett, grøntanlegg** | 5 597 | 7 100 | 8 790 | 5 500 | 26 987 |
| **Tekniske anlegg** | 10 360 | 6 500 | 5 360 | 5 360 | 27 580 |
| **Vassverk** | 32 560 | 30 795 | 16 090 | 19 350 | 98 795 |
| **Avlaup** | 31 998 | 24 535 | 29 050 | 22 760 | 108 343 |
| **Samla investering** | **157 165** | **117 580** | **91 040** | **84 070** | **449 855** |

## 5.1 Administrasjon og fellesfunksjonar

I planperioden er det ført opp samla investering på 24,5 mill kr. Løyvingane skal nyttast til investeringar i IKT med 17 mill kr. Investeringa skal gjennomførast i samsvar med IKT-strategien som er vedteken av kommunestyret.

Til brannsikring, innemiljøtiltak og enøk i administrative bygg er det avsett 4,05 mill kr i perioden. Brannsikring vert prioritert føre andre oppgåver. I tillegg er det sett av 0,7 mill kr til utskifting av vindauge i kommunestyresalen og 2,5 mill kr til arkiv i rådhuset. I samband med flytting av administrative einingar (barnevern, rekneskap og løn, regulering, byggjesak og oppmåling) i 2009 er det avsett 0,25 mill kr.

Det er ikkje teke høgde for utskifting av ventilasjonsanlegg eller andre endringar i rådhuset.

## 5.2 Bustad/næring/utbygging/sentrumsutvikling

Total investeringsramme er 1,75 mill kr. Dette er tenkt nytta til sentrumstiltak og mindre grunnkjøp. Opparbeiding av park og gangveg Bandadalsparken, med kostnadsoverslag 2,5 mill kr, ligg ikkje inne i perioden.

## 5.3 Skular og barnehagar

Det er gjort framlegg om investeringar for 96,8 mill kr i perioden. Ny ungdomsskule Nordbygda med 64 mill kr er den største investeringa. I 2010 er det lagt inn prisstigning med kr 6 mill. Samla ramme for Nordbygda ungdomsskule er no justert til 108 mill kr. I tillegg kjem opparbeiding av tilkomst til skulen i samsvar med gjeldande reguleringsplan (veg, fortau m.m.), sjå avsnitt 5.7, som er lagt inn på område kommunale vegar.

Det er ikkje teke høgde for fleirbrukshall med handballstørrelse i budsjettet, noko som vil gje ein auke i netto kommunal løyving på ca. 7,6 mill kr i høve til størrelse volleyballhall. Spørsmålet om storleiken på hallen som skal byggjast i tilknyting til skulen vert fremja i ei eiga sak.

Det er i tillegg sett av 22 mill til rehabilitering av skulebygg samt 8,5 mill til innemiljøtiltak, brannsikring og enøk i skular og barnehagar. Prioritering av prosjekt vil verta avklara i skulebruksplanen som er under arbeid.

Ein teke sikte på å utnytta ordninga med rentekompensasjon på skulebygg og basseng maksimalt, og løpande vurdera innsatsen opp mot dette. Ein vurderer det likevel slik at ordninga på rentekompensasjon på langt nær er tilstrekkeleg til å møta behovet for investeringar i skulen.

2,3 mill kr er sett av til utstyrsinvestering i skule og barnehagar i perioden.

## 5.4 Helse, rehabilitering , pleie og sosial

Det vert lagt opp til investeringar på 37,2 mill kr i planperioden. Det er lagt inn kr 5 mill til helsestasjon i Nordbygda i samsvar med kommunestyret sitt vedtak. Det er også under planlegging bygging av 5 psykiatribustader i Husahaugen knytt til eksisterande burettslag. Grunna høge anbodsprisar er prosjektet førebels utsett.

Det er sett av brutto 24,3 mill kr til bustader for funksjonshemma. Desse vil kunna finansierast dels gjennom utbyggingstilskot frå Husbanken og, husleige, men ut frå dagens marknadssituasjon vurderer ein det og slik at kommunen må subsidiera prosjektet om det skal realiserast no.

Solskjerming Stord sjukeheim og ventilasjon Knutsaåsen ligg ikkje inne i planperioden. Det er heller ikkje lagt inn bygging av kommunale bustader.

## 5.5 Kyrkja

Det er sett av 27,9 mill kr til investeringar til kyrkjeleg føremål. Det er totalt sett av til rehabilitering av Stord kyrkje kr 2,6 mill i planperioden, 1,6 mill 2009 og 1 mill i 2010. I tillegg kjem meirverdiavgift som kyrkjeleg fellesråd vil få refundert. Kommunen har søkt om rentekompensasjon og har fått tilsegn om dette. Staten dekker rentene av lån til rehabilitering av kyrkja.

Det er trong for kyrkjegardsutbyggingar både for Nysæter sokn og Stord sokn, samt opparbeiding av nytt gravfelt på Huglo. Sikre kostnadstal kan først setjast opp når detaljplanlegginga er gjennomført. Planlegging for gravplass i Stord sokn pågår.

Det er behov for at ny kyrkjegard i Stord sokn med omlag 2000 graver kan takast i bruk frå 2011. Førebels er samla investering anslått til kr. 25 mill som i planperioden er lagt inn med 21,1 mill. Kr. 0,9 mill er løyvd i forkant og kr. 3 mill vert momsrefusjon for fellesrådet.

***Nysæter sokn.*** Det er behov for ny kyrkjegard med 500 graver som kan takast i bruk frå 2013. Det er lagt inn kr 3 mill i 2012 til oppstart av dette**.**

***Huglo gravplass*.** Det er aktuelt å leggja til rette for 80 nye graver innanfor dagens omåde. Det vert føreslått avsett kr 800 000 til dette føremålet i 2012.

Det er avsett 0,4 mill kr til gravemaskin i 2010

## 5.6 Kultur, idrett og grøntanlegg

Framlegg til investeringsomfang i perioden er 26,9 mill kr. Det er utarbeidd planar for ombygging av administrasjonslokala, kulturskulen og biblioteket i kulturhuset. Det er i perioden lagt inn 7,8 mill til dette arbeidet, fordelt med kr 1,7 mill i 2010 og 6,1 i 2011.

Det har vore ei administrativ vurdering av forslaget i Kommunestyret om å bygga om bassenget i Kulturhuset slik at det kan nyttast til alle alderstrinn i skulen. Konklusjonen er at kostnadene vert mellom 3.5 og 4 mill, det vil ikkje auka kapasiteten og vil føra til ulemper for andre brukarar. Tiltaket ligg ikkje i økonomiplanen. Dersom ein skal gå vidare med slik ombygging bør det klargjerast gjennom eiga sak .

Det er sett av kr 0,8 mill i perioden til utbetring av lendingsplass o.a. på Fyrøyo. Det vert søkt Direktoratet for naturforvaltning om dekning av 50 % av utbetringskostnader. Full rehabilitering av eigedommen er kalkulert til kr 3,7 mill. Dette er ikkje teke inn i planen.

Investeringsopplegget for idrettssektoren har i hovudsak lagt til grunn dei prioriteringar og forskotteringar som er gjort i samråd med idretten sine organ. I hovudsak er løyvingane til idrett basert på gjeldande avtalar om tilbakebetaling av forskotteringar. Samla utgjer dette 5,2 mill kr.

***Vikahaugane.*** Ferdiggjeringa av arbeidet med rehabilitering av garderobar, dusjrom og leidningsnett er lagt inn i 2009 med kr 1,5 mill. I planperioden er det lagt inn 10,5 mill til begge hallane på Vikahaugane. Det er i perioden planlagt å nytta midlar til taktekking av gamlehallen, oppussing av fasade og ny tribune, samt nytt golv i nyehallen.

## 5.7 Tekniske tenester

**Tekniske anlegg, vegar**
Framlegg til investering er på 27,6 mill kr. To vegprosjekt er planlagd gjennomført i perioden: Øvre Borggata 3,3 mill kr og vegløysing ny ungdomsskule 5,5 mill kr. Det er elles sett av 1,8 mill kr til trafikksikring og 9,7 mill kr til veganlegg. Det er sett av 1,5 mill kr til kjøp av feiemaskin i 2009.

Det kan vera aktuelt med kommunal forskottering av fylkesveg 70 Jensanesvegen. Dette vert teke stilling til i eiga sak. Det er ikkje teke høgde for eventuell forskottering i planperioden

**Vatn og avlaup**
Det er framlegg om å investera for 98,8 mill kr i vassforsyninga til kommunen, og for 108,3 mill kr til avlaupssektoren.

Investeringane innanfor avgiftsområda, vassforsyning og avløp er i stor grad basert på tiltaksprogrammet i hovudplanane (kommunedelplanane), hovudplan for vassforsyning og hovudplan for avløp. Tiltak i desse planane er styrande for prioritert utbygging av vatn- og avløpsanlegg.

Kommunedelplan for avløp er revidert i 2005, og kommunedelplan for vassforsyning er revidert og godkjent av kommunestyret i 2006. Investeringane vert dekka av avgiftene.

## 5.8 Finansiering

Tabellen syner korleis investeringane vert finansiert:

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2009-2012 |
|---|---|---|---|---|---|
| Overføring frå drift/momskompensasjon | 120 | 1 854 | 3 098 | 4 102 | 9 174 |
| Statlege overføringar | 4 500 | 2 900 | 200 | 4 400 | 12 000 |
| | | | | | |
| Låneopptak finansiert over drift | 71 935 | 37 140 | 25 650 | 29 120 | 163 845 |
| Lån skulebygg m/statleg rentedekning | 8 000 | 12 000 | 12 000 | 0 | 32 000 |
| Lån kyrkje med statleg rentedekning | 1 600 | 1 000 | 0 | 0 | 2 600 |
| **Sum lån frie investeringar** | **81 535** | **50 140** | **37 650** | **29 120** | **198 445** |
| Sal av eigedom/bruk av fond | 6 452 | 7 356 | 4 952 | 4 338 | 23 098 |
| **Sum finansiering frie investeringar** | **92 607** | **62 250** | **45 900** | **41 960** | **242 717** |
| Låneopptak avgiftsområdet | 64 558 | 55 330 | 45 140 | 42 110 | 207 138 |
| **Samla finansiering** | **157 165** | **117 580** | **91 040** | **84 070** | **449 855** |

I tillegg til lån til investeringar tek kommunen opp startlån til vidareutlån (Husbanken) med 10 mill kr pr år.

*Finansiering frå drift*
Det er lagt opp til å nytta 9,2 mill kr av momskompensasjon investeringar til finansiering av desse . Dette er i samsvar med vedtekne føresegner om innfasing av momskompensasjonen.

*Statlege overføringar*
Statlege overføringar er spelemidlar til nærmiljøanlegg, samt tilskot til bustader for vanskelegstilte og funksjonshemma. Samla tilskot utgjer 12 mill kr.

*Låneopptak*
Kommunen sine investeringar er i stor grad lånefinansiert. I perioden ligg det inne ei lånefinansiering på 90 % av totale investeringar. 51% av låneopptaket er til finansiering av avgiftsområda og vert dekka av avgiftene.

*Sal av eigedom/bruk av fond*
Det vert lagt opp til å nytta 23 mill kr av fond /sal av aktiva til å gjennomføra investeringsprogrammet i perioden.

*Tempo i gjennomføringa av investeringane*
Dersom element i finansieringsopplegget vert svekka, vil dette føra til at prosjekt må skuvast ut i tid. Investeringar vil ikkje bli sett i verk før finansieringa er på plass.

# Vedlegg

## Investeringar

## Bygg & anlegg

## utstyr

# STORD KOMMUNE

**SAK : Investeringsprogram 2009 - 2012 BYGG OG ANLEGG**

**Dato utarb.: 15.10.08**

**VEDTEKE :**

| RAMME OMRÅDE/ ANSVAR | INVESTERINGSOBJEKT | Budsjett 2009-2012 | 2008 BUDSJETT | 2009 BUDSJETT | 2010 BUDSJETT | 2011 BUDSJETT | 2012 BUDSJETT |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | **Adm. og fellesfunksjonar.** | | | | | | |
| 1 300 | Arkiv rådhus | 2 500 | - | - | 1 250 | 1 250 | - |
| 1 300 | Administrasjonslokaler | 950 | - | 250 | 700 | - | - |
| 1 300 | Brann,innemiljø,enøk komm. bygg | 4 050 | 1 100 | 300 | 1 250 | 1 250 | 1 250 |
| | **Sum adm. og fellesfunksjonar.** | **7 500** | **1 100** | **550** | **3 200** | **2 500** | **1 250** |
| | - | - | - | | - | - | - |
| | **Bustad / næring / utbygging** | - | - | | - | - | - |
| 3 250 | Sentrumstiltak | 750 | 220 | - | 250 | 250 | 250 |
| 3 251 | Heiane Vest | - | 1 000 | - | - | - | - |
| 3 250 | Grunnkjøp | 1 000 | 500 | 500 | 500 | - | - |
| | **Sum -Bustad/næring/utbygging** | **1 750** | **1 720** | **500** | **750** | **250** | **250** |
| | **Skule og barnehagar** | | | | | | |
| 2220 | Skuleinvestering kfr skulebruksplan | 22 000 | - | - | 4 000 | 8 000 | 10 000 |
| 2 220 | Nordbygda u-skule | 64 000 | 35 000 | 58 000 | 6 000 | - | - |
| 2 210 | Miljøstasjonar | - | - | - | - | - | - |
| 2 220 | Innemiljø,enøk skular og barneh. | 8 500 | 2 500 | 1 000 | 2 500 | 2 500 | 2 500 |
| | **Sum skule og barnehagar** | **94 500** | **37 500** | **59 000** | **12 500** | **10 500** | **12 500** |
| | **Helse og sosial** | | | | | | |
| 2 610 | Knutsaåsen/sjukeheimen, ventilasjon | 500 | 1 800 | - | - | - | 500 |
| 2 610 | Helsestasjon Nordbygda | 5 000 | 4 000 | 2 000 | 3 000 | - | - |
| 2 610 | Rehabsenter basseng | 1 200 | - | - | - | 1 200 | - |
| 2 610 | Hagerupshuset | | - | - | - | - | - |
| 2 540 | Bustader funksjonshemma | 24 300 | 500 | - | 8 300 | 8 000 | 8 000 |
| 2 650 | Husvære bustadslause | 4 800 | - | - | 4 800 | - | - |
| 2 650 | Psykiatribustad 5 stk | - | 5 500 | - | - | - | - |
| 2 650 | Rehab kommunale bustader | - | 1 000 | - | - | - | - |
| | **Sum Helse og sosial** | **36 000** | **12 800** | **2 200** | **16 100** | **9 200** | **8 500** |

| RAMME OMRÅDE/ ANSVAR | INVESTERINGSOBJEKT | Budsjett 2009-2012 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | BUDSJETT | BUDSJETT | BUDSJETT | BUDSJETT | BUDSJETT |
| | **Kyrkje** | - | - | - | - | - | - |
| 3 900 | Rehabilitering Stord kyrkje | 2 600 | 1 600 | 1 600 | 1 000 | - | - |
| 3 900 | Brannsikring Nysæter | - | - | - | - | - | - |
| 3 930 | Drenering Huglo gravpl. | 800 | - | - | - | - | **800** |
| 3 930 | Kyrkjegardar | 24 100 | 400 | 7 000 | 10 000 | 4 100 | 3 000 |
| | **Sum Kyrkje** | **27 500** | **2 000** | **8 600** | **11 000** | **4 100** | **3 800** |
| | | | | | | | |
| | **Kultur og idrett** | | | | | | |
| 3 850 | Kulturhuset basseng | - | 600 | - | - | - | - |
| 3 850 | Ombygging bibliotek/kulturhus | 7 800 | - | - | 1 700 | 4 100 | 2 000 |
| 3 850 | Idrettshall Prestegardsskogen | - | - | - | - | - | - |
| 3 602 | Fyrøya | 800 | 400 | 200 | 600 | - | - |
| 3 800 | Adm bygg hall | 3 200 | 500 | 2 500 | 700 | - | - |
| 3 800 | Rehab Stord friidrettsstadion. | - | 340 | - | - | - | - |
| 3 800 | Vikahaugane kunstgrasbane | - | 600 | - | - | - | - |
| 3 800 | Kunstgrsbane Prestegardsskogen | 1 100 | 850 | - | 500 | 600 | - |
| 3 800 | Vikahaugane hallane | 10 500 | - | 1 500 | 2 500 | 3 000 | 3 500 |
| 3 800 | Nærmiljøanl./Ballplassar | 800 | 400 | - | 400 | 400 | - |
| 3 602 | Park/Friluftsareal | 400 | 200 | - | 200 | 200 | - |
| 3 800 | Skytebane Isdal, sikring | - | - | - | - | - | - |
| 3 800 | Hystadbane med lys | 490 | 330 | - | - | 490 | - |
| 3 800 | Skøytebane ref forskottering | 212 | - | 212 | - | - | - |
| 3 800 | Tennisbane | 200 | - | - | 200 | - | - |
| | **Sum Kultur og idrett** | **25 502** | **4 220** | **4 412** | **6 800** | **8 790** | **5 500** |
| | **Tekniske anlegg** | | | | | | |
| 3 330 | Kommunale vegar | 8 000 | 1 100 | 2 500 | 500 | 2 500 | 2 500 |
| 3 340 | Trafikksikring | 1 800 | | - | 600 | 600 | 600 |
| 3 330 | Div. anlegg / Prosjektering | 720 | 330 | - | - | 360 | 360 |
| 3 330 | Øvre Borgata/Jens Hystads veg | 3 300 | 1 170 | 3 300 | - | - | - |
| | Veg Nordbygda u-skule | 5 500 | 1 000 | 2 500 | 3 000 | - | - |
| 3 301 | Investering flyplass | - | 3 300 | - | - | - | - |
| 3 330 | Kommunale bruer | 1 000 | - | - | - | 500 | 500 |
| | **Sum TEKNISKE ANLEGG** | **20 320** | **7 450** | **8 300** | **4 100** | **3 960** | **3 960** |
| | **Sum "frie" investeringer** | - | - | - | - | - | - |
| | **tenesteområde 1 - 7** | **213 072** | **66 790** | **83 562** | **54 450** | **39 300** | **35 760** |

| RAMME OMRÅDE/ TENESTE | INVESTERINGSOBJEKT | Budsjett 2009-2012 | 2008 BUDSJETT | 2009 BUDSJETT | 2010 BUDSJETT | 2011 BUDSJETT | 2012 BUDSJETT |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | **Vatn** | | | | | | |
| 3 450 | Rommetveit - Førlandskrysset | 1 035 | | 1 035 | - | | |
| 3 450 | Rehab leidn. Vatnadalen -stuavikjv | 9 800 | | 1 000 | 3 400 | 5 400 | - |
| 3 400 | Reservekjelde ravatnet | 13 000 | - | - | - | 5 720 | 7 280 |
| 3 450 | Øvre Borggata/Jens Hystads veg | 800 | 3 120 | 800 | - | - | - |
| 3 400 | Vassleidning Haugland Vatnadalen | 7 000 | - | - | - | - | 7 000 |
| 3 450 | Lekkasjesøking/ -utbetring | 10 000 | 2 200 | 2 500 | 2 500 | 2 500 | 2 500 |
| 3 400 | Høgdebasseng Håvåsen/Rukjen | 14 850 | - | 7 425 | 7 425 | - | - |
| 3 450 | Vassforsyning Haga -Prestegardsskogen | - | 2 200 | - | - | - | - |
| 3 450 | Fjellgardane ( prosessvatn) | 1 880 | - | 1 880 | - | - | - |
| 3 450 | Rehab. Vassnett vassverk - Lundsåsen | 16 500 | 7 000 | 7 000 | 9 500 | - | - |
| 3 450 | Trygging vassforsyning AkerKvaerner | 6 300 | 2 700 | 2 300 | 4 000 | - | - |
| 3 450 | Div. mindre anlegg | 3 880 | 880 | 970 | 970 | 970 | 970 |
| 3 450 | Prosjektering | 1 000 | 220 | 250 | 250 | 250 | 250 |
| 3 450 | Byggjelånsrenter | 3 900 | 1 600 | 1 500 | 1 100 | 600 | 700 |
| 3 450 | Vassverk Huglo | 4 500 | 3 000 | 4 500 | - | - | - |
| 3 450 | Vassleidning Sagvåg | 200 | 1 200 | 200 | - | - | - |
| | **Sum Vassverk** | **95 645** | **30 355** | **31 360** | **30 145** | **15 440** | **18 700** |
| | **Avlaup** | | | | | | |
| 3 530 | Huglo | 1 000 | - | 1 000 | - | - | - |
| 3 530 | Byggelånsrenter | 4 010 | 1 300 | 1 200 | 900 | 1 100 | 810 |
| 3 500 | Reinseanlegg Knosterneset | 7 500 | - | - | - | - | 7 500 |
| 3 530 | Avløpssanering Sætrevik | 3 000 | - | - | - | 3 000 | - |
| 3 530 | Øvre Borggata/Jens Hystads veg | 920 | 3 690 | 920 | - | - | - |
| 3 530 | Leidn.anlegg Hjortåsen | 1 540 | - | - | 1 540 | - | - |
| 3 530 | Rehab. leidningsanl. | 10 000 | 2 200 | 2 500 | 2 500 | 2 500 | 2 500 |
| 3 500 | Reinseanl. Sævarhagen | 8 000 | 100 | - | 2 500 | 5 500 | - |
| 3 530 | Diverse mindre anlegg | 10 000 | 2 200 | 2 500 | 2 500 | 2 500 | 2 500 |
| 3 500 | Renseanlegg Frugarden | 8 500 | - | - | - | 8 500 | - |
| 3 530 | Fjellg./Førlandskrysset/Rommetveit | 26 473 | 8 350 | 12 428 | 11 545 | 2 500 | - |
| 3 530 | Prosjektering | 1 200 | 275 | 300 | 300 | 300 | 300 |
| 3 530 | Reinseanlegg Urastranda | 8 500 | - | - | - | - | 8 500 |
| 3 530 | Avløpssanering Sagvåg | 9 800 | 6 200 | 5 200 | 2 100 | 2 500 | - |
| 3 530 | Nordbygda u skule avløp | 4 500 | - | 4 500 | - | - | - |
| | **Sum avlaup** | **104 943** | **24 315** | **30 548** | **23 885** | **28 400** | **22 110** |

**STORD KOMMUNE**

**SAK ; Utstyrsbudsjett 2009 - 2012**

**Dato utarb.: 15.10.08** VEDTEKE :

| TENESTE OMRÅDE/ | INVESTERINGSOBJEKT | Budsjett 2009-2012 | 2008 BUDSJETT | 2009 BUDSJETT | 2010 BUDSJETT | 2011 BUDSJETT | 2012 BUDSJETT |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | **Administrasjon og fellesfunksj.** | | | | | | |
| 1 207 | It-avdeling-felles | 17 000 | 7 000 | 5 000 | 4 000 | 4 000 | 4 000 |
| | **Sum Adm. og fellesfunksjonar.** | **17 000** | **7 000** | **5 000** | **4 000** | **4 000** | **4 000** |
| | - | - | - | - | - | - | - |
| | **Sum rammeområde 1** | **17 000** | **7 000** | **5 000** | **4 000** | **4 000** | **4 000** |
| | **Skule og barnehagar** | | | | | | |
| 2020 | Utstyr skular | 2 000 | 500 | 500 | 500 | 500 | 500 |
| 2010 | Barnehagar - utstyr/leikeapparat | 300 | 300 | - | - | 300 | - |
| | **Sum skule og barnehagar** | **2 300** | **800** | **500** | **500** | **800** | **500** |
| | **Helse og sosial** | | | | | | |
| | - | | | | | | |
| 2540 | Pleie /omsorg, helse | 1 200 | 200 | 300 | 200 | 400 | 300 |
| | **Sum Helse og sosial** | **1 200** | **200** | **300** | **200** | **400** | **300** |
| | - | - | - | - | - | - | - |
| | **Sum rammeområde 1-5** | **3 500** | **1 000** | **800** | **700** | **1 200** | **800** |
| | - | | | - | | | |

| RAMME OMRÅDE/ ANSVAR | INVESTERINGSOBJEKT | Budsjett 2009-2012 | 2008 BUDSJETT | 2009 BUDSJETT | 2010 BUDSJETT | 2011 BUDSJETT | 2012 BUDSJETT |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 3930 | Kyrkje | - | - | - | - | | |
| 3930 | Minigravemaskin/bil | 400 | - | - | 400 | - | - |
| | **Sum Kyrkje** | **400** | - | - | 400 | - | - |
| | **Kultur** | - | - | - | - | - | - |
| 3860 | Akkustikkopprustning kinosal | - | 200 | - | - | - | - |
| 3730 | Kinomaskin, digitalisering | 1 025 | 900 | 725 | 300 | - | - |
| 3830 | IKT Kulturskulen | - | 185 | - | - | - | - |
| 3700 | Bibliotek | 210 | - | 210 | - | - | - |
| 3860 | Heis kulturhus | 250 | - | 250 | - | - | - |
| | **Sum Kultur** | **1 485** | **1 285** | **1 185** | **300** | - | - |
| | **Tekniske tenester** | - | | | | | |
| 3330 | Lastebil veg, Maskin | - | 250 | - | - | - | - |
| 3330 | Vegskrape/feiemaskin | 1 500 | - | 1 500 | - | - | - |
| 1900 | Maskin/bil bygg/grønt | 2 700 | 550 | - | 900 | 900 | 900 |
| 3390 | mannskapsbil,høgdemateriell | 1 000 | - | - | 1 000 | - | - |
| 3390 | Brannvern - div utstyr/bilar | 2 060 | 300 | 560 | 500 | 500 | 500 |
| | **Sum 36 TEKNISKE TENESTER** | **7 260** | **1 100** | **2 060** | **2 400** | **1 400** | **1 400** |
| | | - | - | - | - | - | - |
| | **Sum rammeområde 3** | **9 145** | **2 385** | **3 245** | **3 100** | **1 400** | 1 400 |
| | **Sum "frie" investeringer** | - | - | - | - | - | - |
| | **rammeområde 1,2 og 3** | **29 645** | **10 385** | **9 045** | **7 800** | **6 600** | **6 200** |
| | **Vassverk** | | | | | | |
| 3450 | Maskiner / Biler | 3 150 | 400 | 1 200 | 650 | 650 | 650 |
| | **Sum Vassverk** | **3 150** | **400** | **1 200** | **650** | **650** | **650** |
| | **Avlaup** | - | - | - | - | - | - |
| 3530 | Lastebil veg/vatn/avlaup | - | - | - | - | - | - |
| 3530 | Maskiner / Biler | 3 400 | 400 | 1 450 | 650 | 650 | 650 |
| | **Sum Avlaup** | **3 400** | **400** | **1 450** | **650** | **650** | **650** |